

INNHALD

DEL 1 – LEIARVURDERING	3
A Overordna vurdering av måloppnåing	3
B Om ressursutnyttinga	4
DEL 2 – INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	5
Overordna mål	6
A Nøkkeltal pr. prosti og totalt	6
A Utvalde volumtal	7
C Nøkkeltal frå årsrekneskapen	8
DEL 3 – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	9
Samandrag av resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2022	9
Resultat og måloppnåing etter resultatmål og nøkkelindikatorar	
Hovudmål 1 Kyrkja opnar rom for tru	11
Hovudmål 2 Kyrkja er der livet vert levd	23
Hovudmål 3 Kyrkja er meir for fleire	30
BISKOPEN SI VERKSEMD	36
DEL 4 – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	38
A HMS/Arbeidsmiljø	38
B Likestilling	39
C Vurdering av risiko for misleghald	40
DEL 5 – VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	41
DEL 6 – ÅRSREKNESKAPEN	44
Leiinga sine kommentarar inklusive rekneskapsrapportering	

Forside: Collage ulike medieoppslag om kyrkja i Møre

Om tala: Kjelder og tal brukt i denne årsrapporten er henta frå statistikktabellar utarbeidd av Kyrkerådet med tal frå SSB, medlemsregisteret for Den norske kyrkja, Løns og personalsystemet Aditro og rapporteringsmodul for trusopplæring. Eigne tal for Møre bispedøme, SSB og Fylkesstatistikk for Møre og Romsdal er også brukt.

DEL 1 – LEIARVURDERING

A Overordna vurdering av måloppnåing

Møre bispedøme har, saman med Den norske kyrkja, ein visjon om “Meir himmel på jord”. Visjonsdokumentet for 2021 – 2029 vedtatt av Kyrkjemøtet og ligg til grunn for planverk og tiltak:

- Kyrkja opnar rom for tru
- Kyrkja er der livet blir levd
- Kyrkja er meir for fleire

Møre bispedømeråd har i sin årsplan for 2022 hatt desse særlege satsingsområda

- Bygge fellesskap for unge
- Diakoni

....og desse fokusområda

- Kunst – kultur - Møre bispedøme som kulturbispedøme
- Digital kyrkje
- Kyrkjeleg gravferd
- Rekruttering
- Kyrkje i det fleirkulturelle Noreg

Utfordringa for 2022 har vore å definere den nye kvardagen når pandemien sine grenser ikkje lenger gjelder. Samstundes har vi som kyrkje møtt utfordringar når andre grenser blir trakka over, det gjelder mellom nasjonar og mellom menneske.

75% av alle innbyggjarane i Møre og Romsdal er medlemmar av Den norske kyrkja. Medlemskap skjer i hovudsak gjennom dåp og 72% av alle fødde blei døypt i 2022. Det er lagt vekt på å legge til rette får dåp når det er ønske om det. 91% av alle 15-årige medlemmar blir konfirmert. Talet for vigslar har auka med 65% til 395 frå 2021. 99% av alle medlemmar eller 90% av alle innbyggjarar vel kyrkjeleg gravferd. For Møre viser desse tala ei oppslutning der kyrkjelege riter og merkedagar gjennom livet. Kyrkja i Møre er ei folkekyrkje.

Det har vore ei vesentleg auke i talet på gudstenester og deltakara i desse frå åra før. Det same gjelder trusopplæring og kulturverksemda, men vi er ikkje tilbake til åra før pandemi. Ei gjenopning fører ikkje nødvendigvis til at man går tilbake til tidlegare aktivitetar og rutinar.

Krigen i Ukraina har verka inn på både enkeltmenneske og kyrkjelydar. Det har vore arbeid for flyktingar og for inkludering i lokalsamfunna. Det er gitt støtte til dette både frå bispedømet og lokale sokn til vårt venskapsbispedøme i Ungarn som arbeider på grensa. Ein usikker verdssituasjon utfordrar oss som kyrkje til å skape tryggleik og fellesskap for enkeltmenneske og samstundes snakke sant om krise og krig.

Møre bispedøme arbeider bevist med bærekraftmåla og samskaping med kommunane. Dette har òg våre tema i alle visitasar. Våre spor knytt til klima og miljø har vært særleg tematisert. Fleire tiltak er iverksett - både når det gjelder reiserpolicy og energibruk i kyrkjer.

Auka kostnadar til energi er ei utfordring for dei kyrkjelege fellestråda, men vårt prisområde har ikkje slått inn som for andre delar av landet. Det er gjort nokre tiltak for å møte situasjonen, men avgrensa til å redusere temperatur i kyrkjene nokre stader. Det er førebels ikkje vore tematisert å stenge kyrkjer. Kyrkja er ein viktig del av lokalsamfunnet og stenging er ikkje ønskeleg eller tenleg. Bispedømet har planar for dialog med fellestråd, kommunar og politikarar om det skulle bli nødvendig.

Rekruttering til prestestillingar er utfordrande. Dei kyrkjelege fellestråda melder om det same for stillingar innan diakoni, undervisning og kyrkjemusikk. Fleire tiltak er sett i verk og vi ser resultat.

I 10 av stillingane er det tilsette som kvalifiserer seg til å bli prest (PUU – prest under utdanning). Vi ser at det er aktuelt for fleire å vurdere presteneste etter å hatt ein annan utdannings- og yrkesbakgrunn. Det kan vere aktuelt for andre kyrkjelege yrkesgrupper også. Kompetanseutvikling og vegleing er framleis viktige element i personalpolitikken.

Møre bispedøme har mål om godt arbeidsmiljø for alle. Det har vore arbeid særskilt for å betre arbeidsmiljøet for kvinner i presteneste. Tiltaksplan er utarbeidd. Arbeidsmiljøet blir påverka av både preste kollegar, tilsette på fellesrådsnivå, frivillige i kyrkjelyden og folk i lokalsamfunnet. Det er ei utfordring, men òg eit mål å bygge trygg kultur i høve til likestilling, mangfald og inkludering på tvers av ulike teologiske ståstar.

Det har vore arbeid med kyrkjeleg organisering på fleire plan i Møre bispedøme. Vi har gode relasjonar og kontaktpunkt med kyrkjeværjelaget og nettverk for fellesrådsleiarar. Det har vore samlingar for fellesråds- og soknerådsleiarar i møte med bispedømerådet. Kyrkjeleg organisering har òg vore tema i prostivise samlingar for alle tilsette.

B Om ressursutnyttinga

Møre bispedøme var for 2022 tildelt kr 114,4 mill. Kr 81 mill. (ikkje medrekna pensjon) av midlane er nytta til drift og løn til 83 årsverk, der presteneste utgjør 70 årsverk. Kr 34,1 mill. av tildelinga er tilskotsmidlar, der 21 mill. går til tilskot til trusopplæring i kyrkjelydane. 12,4 mill. går som tilskot til 17 stillingar innan diakoni og 11 stillingar innanfor undervisning i kyrkjelydane. Elles er 502.000 til ulike tiltak kyrkjelydane (vekstmidlar) finansiert via OVF-tilskot.

Møre bispedøme har eit mindre rekneskapsmessig meirforbruk i høve til tildelinga. Frå tidlegare år er det eit akkumulert mindreforbruk som dekkjer dette. Tidlegare års overskotet er det ein plan for å bruke.

71,5% av ressursane som bispedømerådet forvaltar er driftsmidlar, resterande 28,5% er tilskotsmidlar til kyrkjeldande.


I Møre bispedøme er det 95 sokn og variasjonane mellom sokna er store, både geografisk og demografisk. Avgjerd om fordeling av ressursar i bispedømet blir gjort av bispedømerådet.

Til slutt vil vi nytte høve til å takke. Takk til alle tilsette – bispedømeråd- og fellesrådstilsette, takk til frivillige medarbeidarar og medlemmar av sokneråd, fellesråd og bispedømeråd – for det du er og legger ned av arbeid og innsats for kyrkja i Møre bispedøme.

Molde, 01. mars 2023



Ingeborg Midttømme
biskop




Ann-Kristin Sørvik
leiar

DEL 2 – INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

2.1 Organisering og formål

Møre bispedøme er i geografi samanfallande med Møre og Romsdal fylke, som etter kommunereforma har 26 kommunar. Møre biskop og Møre bispedømeråd er del av trussamfunnet og rettssubjektet Den norske kyrkja og er på nærare bestemte område underlagt Kyrkjemøtet. På lokalt nivå er soknet rettssubjekt, representert ved sokneråd og kyrkjeleg fellesråd.

Møre bispedøme er eitt av Den norske kyrkja sine 11 bispedøme. Bispedømet vart oppretta i 1983, og med sine 40 år i 2023 det yngste bispedømet i Noreg. Det vart til ved ei deling av bispedøma Nidaros og Bjørgvin. Bispedømerådet i Møre har 10 medlemmer (7 leke, 1 prest, 1 lek kyrkjeleg tilsett og biskop), som saman med dei andre bispedømeråda utgjør Kyrkjemøtet. Biskopane utgjør til saman Bispemøtet. Møre bispedøme er inndelt i 6 prosti, 26 fellesråd og 95 sokn.



Møre biskop og Møre bispedømeråd er kvar for seg formelle kyrkjelege organ, med felles administrasjon lokalisert i Molde og med stiftsdirektøren som dagleg leiar. Bispedømerådet skal ha merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nærme det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal også fremme samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar og kyrkjelydsprestar i tillegg til fengselsprestar, studentprestar og prostiprestar. I tillegg

er bispedømerådet gitt arbeidsgjevarmynde for dei tilsette på bispedømekontoret. Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette i bispedømet.

2.2 Overordna mål


Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei måla og føringane som er gjevne av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og strategiplan 2021 -2029 og årsplanen for Møre bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

2.3 Nøkkeltal

Tabell 2.1.1: Kyrkjemedlemmer og innbyggjarar fordelt på prostia 2020 - 2022

Prosti	Medl 2022	Medl 2021	Medl 2020	Diff Medl 2021 - 2022	Diff Medl 2020- 2021	Tal innbygg 2022	Tal innbygg 2021	Tal innbygg 2020	Diff innb 2021- 2022	Diff innb 2020- 2021
Molde domprosti	38.133	38.339	39.092	-206	-753	49.441	48.807	48.709	634	98
Søre Sunnmøre	38.492	38.616	39.191	-124	-575	50.142	49.557	49.712	585	-155
Nordre Sunnmøre	72.009	72.425	73.696	-416	-1.271	100.393	99.774	99.165	619	609
Indre Romsdal	11.064	11.130	11.431	-66	-301	14.097	13.955	13.984	142	-29
Ytre Nordmøre	26.714	26.960	27.626	-246	-666	35.570	35.345	35.503	225	-158
Indre Nordmøre	15.046	15.174	15.470	-128	-296	18.722	18.410	18.471	312	-61
Sum alle prosti	201.458	202.644	206.506	-1.186	-3.862	268.365	265.848	265.544	2.517	304

Diagram 2.1.2: Andel kyrkjemedlemmer av innbyggjartal



Tabell 2.1.3: Inn- og utmeldingar 2020 - 2022

Prosti	Innm 2022	Innm 2021	Innm 2020	Endr innm 2021-2022	Endr innm 2019-2020	Endr Innm 2018-2019	Utm 2022	Utm 2021	Utm 2020	Endr utm 2021 - 2022	Endr utm 2020 - 2021	Endr utm 2019-2020
Molde domprosti	22	23	11	-1	12	10	120	144	117	-24	27	-18
Søre Sunnmøre	26	24	12	2	12	8	113	148	103	-35	45	-33
Nordre Sunnmøre	39	50	47	-11	3	-6	248	248	202	0	46	-26
Indre Romsdal	9	5	6	4	-1	14	25	37	28	-12	9	-10
Ytre Nordmøre	16	13	18	3	-5	11	83	109	89	-26	20	-22
Indre Nordmøre	14	6	4	8	2	16	36	59	39	-23	20	3
Sum alle prosti	126	121	98	5	23	54	625	745	578	-120	167	-178

A) Utvalde volumtal

Tabell 2.1.4: Volumtal for gudstenester og kyrkjelege handlingar

Møre bispedøme	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Tal døypte	1722	1748	1552	1701	1755	1925	1892
Tal konfirmerte	2210	2245	2209	2495	2477	2484	2 670
Tal kyrkjelege vigslar	392	260	276	367	404	427	419
Tal kyrkjelege gravferder	2113	2199	1981	2122	2126	2129	2 198
Tal gudstenester totalt	3391	3028	3040	3697	3714	3749	3 765
Samla tal gudstenestedeltakarar	270.703	156.985	162.622	353.667	366.697	371.274	387.952

B) Nøkkeltal frå rekneskapen

Tabell 2.4: Nøkkeltal frå årsrekneskapen 2022

Beløp i heile tusen

Nøkkeltal for årsregnskapen	2020	2021	2022
Antall årsverk	82,6	88,9	88,9
-herav presteneste	71	76,5	74,9
Samla tildeling budsjettgruppe 1	75 703	78 050	80 317
Netto driftskostnader	71 670	78 044	81 123
Lønsandel av driftskostnader	92,0 %	88,0 %	87,7 %
Andel løn brukt i prestenesta	81,3 %	78,3 %	76,0 %
Lønskostnader pr årsverk	798	773	801

Tal som gjeld prestenesta er inkl. biskopen.

Lønsandel og lønskostnader er inkl. andre personalkostnader (kontogruppe 59*).

EL 3 – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Innleiing

Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

Hovudmålet er å støtte opp under Den norske kyrkja i samsvar med Grunnlova § 16:

«Alle Indvaanere av Riget have fri Religionsøvelse. *Den norske Kirke, en evangelisk-luthersk Kirke, forbliver Norges Folkekirke og understøttes som sådan af Staten...*»

Dei fire hovudmåla for Den norske kyrkja, vedtatt av Stortinget gjennom statsbudsjettet er og gjeldande for Møre bispedøme

- A. Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje.
- B. Den norske kyrkja skal ha oppslutning som stadfester karakteren som folkekyrkje.
- C. Den norske kyrkja skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte barn.
- D. Den norske kyrkja skal vere organisert i samsvar med demokratiske prinsipp og verdjar

Som grunnlag for vurdering av måloppnåing har Møre bispedømeråd i tråd med visjonsdokumentet for 2022 – 2029 vedtatt i Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet definert nærare strategiske mål med tilhøyrande indikatorar slik:

1. Kyrkja opnar rom for tru

- 1.1 Forkynner evangeliet for menneske gjennom heile livet
- 1.2 Fremjar verdjar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle
- 1.3 Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje

2. Kyrkja er der livet blir levd

- 2.1 Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar
- 2.2 Bidrar til å gjere verkeleg berekraftmåla - lokalt, nasjonalt og globalt
- 2.3 Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar

3. Kyrkja er meir for fleire

- 3.1 Gir tilhøyrslé og skapar gode møteplassar for fellesskap, fysisk og digitalt
- 3.2 Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på
- 3.3 Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivillegarena.

Møre bispedømeråd hadde desse satsingsområda i 2022:

- Bygge fellesskap for unge
- Diakoni

Møre bispedømeråd hadde desse fokusområda i 2022:

- Kunst og kultur - Møre bispedøme som kulturbispedøme
- Digital kyrkje
- Kyrkjeleg gravferd
- Rekruttering
- Kyrkje i det fleirkulturelle Noreg

I kapitla framover vil vi gå nærare inn i resultatmåla for dei enkelte områda, vurdere måloppnåing og gjere greie for tiltak og eventuelle endringar i tiltak og strategi.

Ein samla oversikt over mål, nøkkelindikatorar og endring frå 2021 til 2022:

Strategiske mål:	Resultatmål:	Indikatorar:	2021	2022	Vurdering
1.1 Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	1.1.1 Oppretthalde antal deltakarar i gudstenester	Gudstjenestedeltaking/ Gudstjenestefrekvens	134801 46%	195249 48%	😊
	1.1.2 Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet	Antal sokn med samisk innslag i gudsteneste	13	13	😊
	1.1.3 Oppslutninga om kyrkjelege handlingar blir halden oppe	Antal døypte Adel døypte av antal fødde Andel konfirmerte av andel medlemmar i kyrkja Antal vigslar Andel gravferder av antall døde medlemmar	1706 68% 89% 260 107%	1722 72% 91% 395 99%	😊
	1.1.4 Barn og unge lærer om kyrkje og tru	Deltakarandel i utvalde, landsomfattande tiltak.	64%	53%	😐
1.2 Fremmar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle	1.2.1 Kyrkja deltek aktivt i samfunnsdebatten og på ulike arenaer i det offentlege rom	Kvalitativ vurdering			😐
	1.2.2 Kyrkja samhandlar med ulike trus- og livssynssamfunn	Kvalitativ vurdering			😐
	1.3.2 Kyrkja har ein velfungerande organisasjon	Sjukefråvær, Antal varslar			😐
	1.3.3 Kompetanseutvikling blir styrkt	Antal gjennomførte e-læringskurs		388	
2.1 Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	2.1.1 Fleire deltakarar på konsertar og kulturarrangementet	Antal deltakarar på konsertar i regi av kyrkjelydane/ i regi av andre aktørar enn kyrkjelydane. Antal deltakarar på kulturarrangement i kyrkjene i regi av kyrkjelydane / i regi av andre aktørar enn kyrkjelydane.	10800 14783 4134 887	24540 37261 6102 9508	😊
	2.1.2 Styrkje og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt	Antal kyrkjelydar med opne kyrkjer, Pilegrimsrapportering	48	43	😐
	2.1.3 Skular og andre aktørar formidlar kulturarven i kyrkja		5024	31562	😊
2.2 Bidrar til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt	2.2.1 Fleire kyrkjelydar med diakonal satsing	Antal kyrkjelydar med diakonal betening, Kvalitativ vurdering	53	53	😐
	2.2.2 Kyrkja fremmar menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket	Kvalitativ vurdering			😐
	2.2.3 Den norske kyrkja sine utslepp og miljøbelastningar blir redusert	Kvalitativ vurdering			😐

Strategiske mål:	Resultatmål:	Indikatorar:	2021	2022	Vurdering
2.3 Samhandlar med organisasj.-livet, andre trus- og kyrkjесamfunn , offentlege, private og ideelle aktørar	2.3.1 Samarbeid kyrkjelyd og misjon blir styrkt	Kvalitativ vurdering			😊
	2.3.2 Den norske kyrkja synleggjer si tilhøyrslе til den verdsvidе kyrkja	Kvalitativ vurdering			😊
	2.3.3 Barne- og ungdomsorganisasjonane deltar inn i kyrkjelydane	Kvalitativ vurdering			😬
3.1 Gir tilhøyrslе og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt	3.1.1 Kyrkja sitt digitale nærvær øker	Kvalitativ vurdering			😬
	3.1.2 Universell utforming av og i blir styrkt i kyrkja	Kvalitativ vurdering			😬
	3.1.3 Folkekyrkja tilbyr ulike møteplassar og fellesskap	Kvalitativ vurdering			😊
3.2 Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på	3.2.1 Ungdomsarbeidet blir styrkt og kyrkja er til stades på utdanningsinstitusj. og i forsvaret	Antal deltakarar på tilbod for 13-17 år, Antal deltakarar tilbod 18-30 år	202 109	204 88	😬
	3.2.2 Kyrkja si rolle i sivilsamfunnet blir styrkt	Deltaking i kommunale kriseteam, deltaking i fylkesberedskapsråd, kvalitativ vurdering			😊
	3.2.3 Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg	Kvalitativ vurdering			😊
	3.2.4 Kyrkja bidrar til nyskaping og innovasjon	Prosjekt vi gir innovasjonsmidlar, kvalitativ vurdering			😬
3.3 Skaper ein mangfaldig, rekrutter-ande og inkluderende arbeidsplass og frivilligarena	3.3.1 Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobben og har eit inkluderande og likestilt arbeidsfellesskap	Sjukefråvær, antal kyrkjelydar med HELT MED-tilsette eller liknande (atføringsbedrifter)	5,9%	6,7%	😬
	3.3.2 Fleire blir engasjert til frivillig teneste i kyrkja	Antal frivillige, kvalitativ vurdering	4933	5555	😊
	3.3.3 Kyrkja sine verktøy for digital samhandling blir utnytta	Antal kyrkjelydar som brukar <i>Skjer i kirken</i>		70	😬

HOVUDMÅL 1: Kyrkja opnar rom for tru

Strategisk mål 1.1 Forkynne evangeliet til menneske gjennom heile livet

Resultatmål 1.1.1 Halde oppe talet på deltakarar i gudstenester

Indikator: Gudstenestedeltaking og frekvens

Tabell 1.1.1 Gudstenestedeltaking, alle gudstenester

Møre	Gudst. alle dagar		Deltakarar		
	tal	%-endring	tal	%- endring	G-snitt kvar. gudst
2019	3659		350341		96
2020	3040	-17%	163250	-53%	54
2021	3194	5%	170196	4%	53
2022	3311	4%	270703	59%	82

Tabell 1.1.2 Tal gudstenester og gudstenestedeltaking, sun- og helgedagar

Møre	Gudst. Sun- og heilagdag		Deltakarar		
	tal	%-endring	tal	%- endring	G-snitt kvar gudst
2019	2862		265699		93
2020	2356	-18%	127841	-52%	54
2021	2677	14%	134801	5%	50
2022	2699	1%	195249	45%	72

Tabell 1.1.3 Deltaking og gudstenestefrekvens, prostiet 2022

Prosti	Tal sokn	Medl	Tal gudst. sun- og helgedag	Tal deltakarar sun- og h	Gudstenes te-frekvens, sun og h	Tal gudst. alle	Deltakarar gudst. alle	Gudstenest e-frekvens
								Alle
Domprostiet	15	38133	492	34690	0,55	589	45824	0,65
Ytre Nordmøre	12	26714	348	21970	0,48	397	27788	0,55
Indre Nordmøre	13	15046	279	18393	0,35	318	21411	0,41
Indre Romsdal	11	11064	183	10449	0,28	246	15755	0,37
Nordre Sunnmøre	24	72009	851	63479	0,59	1103	94249	0,76
Søre Sunnmøre	20	38492	592	48256	0,49	736	65676	0,61
Møre Total	95	20145	2745	197237	0,48	3389	270703	0,59

Gudstenestefrekvensen er utrekna slik: Tal gudstenester på sun- og helgedagar delt på tal sokn i bispedømme/prosti. Igjen dividert på tal sun- og helgedagar. 60 gudstenester på sun- og helgedagar er lagt til grunn.

Overordna tiltak:

- Oppfølging av ny gudstenesteordning
- Inspirere til variasjon i gudstenestene, retta mot ulike målgrupper
- Bidra til å auke bruken av frivillige

- Stimulere til auka bruk av kulturuttrykk
- Arrangere gudstenestekurs for leke gudstenesteleiarar

Vurdering


Sjølv om året 2022 starta med tunge skyer frå pandemien, så lysna framtidsutsiktene fort. Ganske tidleg forsvann restriksjonar og kyrkjelydane kunne endeleg opne opp for «ukontrollert» gudstenestegang og bruk av kyrkjene. Tillærte «vanar» frå pandemien vender ikkje så fort, gleda over å kunne opne opp og vende tilbake til kyrkjerommet overgjekk likevel ikkje besøkstal og deltakartal frå 2019, året før pandemien greip tak.

Det er likevel ei stor glede når kyrkjene på ny fyller opp og når små og store kan glede seg over sakna samvær og fint fellesskap med kvarandre. I 2022 tok gjennomsnittleg 72 personar del på gudstenester (sun- og helgedag,) medan gjennomsnittleg 93 fann plassen sin i 2019. Så det er enno ein veg å gå for fleire.

Parallelt med gleda over å kunne invitere tilbake til kyrkja, møter bispedømmet og fleire kyrkjelydar ein utfordrande rekrutteringssituasjon. Med mange vakante stillingar og med utstrekkt bruk av vikarar, har målsetjinga med talet på gudstenester og gudstenestedeltaking vore å halde hjula i gong og å vende sakte tilbake til aktivitetsnivå frå før pandemien. Grunnane til at kyrkjene enno ikkje er besøkt like godt som før pandemien er nok samansette, men vi trur av dei over nemnde årsakene er viktige. (sjå også refleksjonane lenger nede i dette punkt; «oppslutning om gravferd»).

Endringar i gudstenesteordning for hovudgudsteneste var ei satsing i 2022, men ein kan ikkje sjå spor av auka deltaking av denne grunn. På bispedømmenivå og på prostinivå er det også vanskeleg å sjå konkrete spor av nasjonale kampanjar dåp/vigsel, sjølv om det sjølv sagt er vanskeleg å vite om statistikkgrunnlaget hadde sett annleis ut utan kampanjane.

Det er ei stund til vi når tilbake til gudstenestedeltakinga frå før pandemien, men vi kan tydeleg sjå at det er ein stor auke i gudstenestedeltaking frå 2021 (tabell 1.1.1. og 1.1.2), med auke på gudstenester sun- og helgedag frå året før med 45 prosent, og med totalauke på alle gudstenester på 59 prosent. Vi ser også ein mindre auke i talet på gudstenester, alt saman viser til at den kyrkjelege aktiviteten og deltakartalet på gudstenester er på veg oppover. Det blir spennande å sjå om denne utviklinga vil halde fram.




Dette året har vi i tillegg sett opp dei prostivisa tala på gudstenester og deltaking. Med omsyn til at eit av prostia i Møre har svært låg gudstenestefrekvens, er det interessant å sjå stoda i dei seks til dels svært ulike prostia. Framleis er Indre Romsdal prosti det prostiet som har færrest gudstenester/deltakarar i kvart sokn, men Indre Nordmøre prosti har også låge tal. I andre

enden finn ein Nordre Sunnmøre prosti som har omlag det doble talet av gudstenester for kvart sokn.

Det er likevel slik at om ein måler deltakartalet etter talet på medlemmer i kvart sokn, er det prostia med lågast deltaking som har høgast prosentvis oppslutning. Indre Romsdal prosti og Indre Nordmøre prosti har også svært høg medlemsprosent og det ser ut som at «alle» brukar dei kyrkjelege handlingane. Ein slik dokumentasjon av gudstenestetalet bør bety mykje når ein vurderer gudstenesteforordningar.

Vidare er det slik at Søre Sunnmøre prosti og Indre Nordmøre prosti er einaste prostia der gudstenestetalet (sun- og helgedag) er høgare enn medlemstalet, noko som indikerer at medlemmene i desse prostia tar oftast del på gudsteneste. I indre Nordmøre prosti kan noko av tilleggforklaringa vere at folkekyrkja har hatt og har god og sterkt tradisjon, og i Søre Sunnmøre prosti veit vi at dei kyrkjelege organisasjonane står sterkare enn i andre prosti. I begge prostia kan det kanskje tyde på at sekulariserings- og urbaniseringstrendar har mindre fofeste. Dette poenget lyt bli meir tydeleg når ein vurderer ressursbruk og organisering.

Det er også verdt å merke seg at talet for deltaking i gudstenester utanom dei på sun- og helgedagar ser ut til å auke. Statistisk er dette ei utvikling som ein bør forske meir på. Er vi vitne til at sundagsgudstenesta blir svekka, medan oppslutning i kvardagsgudstenestene aukar, og at vi ser ei gryande utvikling frå sundagskyrkje til kvardagskyrkje?



1.1.2 Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Indikatorar

Talet på sokn med samisk språk i ordninga for gudsteneste, med samisk innslag i gudstenesta.

Tabell 1.1.4 Talet på sokn med samisk språk i trusopplæringsplan:

	Samisk kyrkjeliv	
a	Antall sokn som har innarbeida samisk språk i ordning for gudstenesta	13
b	Antall sokn som har innarbeida samisk språk i lokal trusopplæringsplan.	5


Overordna tiltak:

- Gjere kjent og tilgjengeleg liturgiske element på samisk på høgtidsdagar i domkyrkja og kyrkjene på Nordmøre
- Dele samiske ressursar innan salmeskatten
- Kyrkjelydane er bevisste på samiske merkedagar

Vurdering

Ein kan seie at ein ser tendensar til ei positiv grunnhaldning til bruk av samiske element i gudstenestelivet, men framleis markeringar heilt i startgrova. Det er i hovudsak Ytre Nordmøre prosti som har innarbeida samisk språk. Bispedømet har tru på at kommunikasjon, opplæring og kunnskap er viktig for å kome lenger. Som eit bispedømme som har få kyrkjelege tradisjonar på dette området, er det viktig for oss å trekke vekslar på kunnskap og ressursar som finst nasjonalt.

1.1.3 Oppslutninga om kyrkjelege handlingar blir halden oppe



Indikatorar:

Tal døypte, tal døypte av tal fødde, konfirmerte, vigslar og gravferder

1.1.3.1 Oppslutning om dåp vert halden oppe

Indikator: Tal på døypte barn

Tabell 1.1.3.1.1

	Dåpskull *	Døypte	Dåps-handlingar	Døypte i eige bustadsokn	Døypte i anna bustad-sokn	Møre Del døypte av fødde	Totalt Del døypte av fødde	Møre Endring i prosent-poeng	Totalt Endring i prosent-poeng
2017	2737	1925	2086	1347	739	71 %			
2018	2621	1755	1878	1176	702	64 %		-7,0 %	
2019	2556	1701	1858	1199	659	67 %	51 %	3,0 %	
2020	2487	1552	1641	1039	602	62 %	45 %	-5,0 %	-6 %
2021	2583	1706	1847	1208	639	68 %	49 %	6,0 %	4 %
2022	2402	1722	2697	1878	819	72 %	53 %	4,0 %	4 %

*«Dåpskull» viser fødde. Del døypte viser prosentvis døypte av tal fødde/ dåpskullet.

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- Dåp er attraktivt og lett tilgjengeleg
- At kyrkja si lære om dåpen er kjent

Overordna tiltak

Skape refleksjon om gudstenesteinnhald

- Bidra til teologisk og fagleg refleksjon omkring dåpsgudstenester
- Bruke sentralt utarbeidd informasjonsmateriell om kyrkjelege handlingar.

Dei viktigaste tiltaka:

1. Leggje til rette for open dåpsdag
2. Bidra til å standardisere og utvikle digital oppmelding til dåp
3. Bidra til å løfte Babysong som rekrutteringsarena for dåp
4. Bidra til felles fokus og forståing av dåp i stab og råd

Vurdering:

Dåpstala er stigande, og i 2022 vart over 70% av alle fødde døypte. Dette er svært gledeleg. Vi ser at kyrkjelydane er flinke til å leggja til rette og at dåp har eit kontinuerleg fokus, gjennom mellom anna systematikk og samanheng i trusopplæringsarbeidet. Det er gode forventnings-avklaringar, høg kompetanse og god ressursbruk, som til saman stimulerer til god praksis. Pandemien ga erfaringa med individualisering og bruk av fleire arenaer, men gjorde også synleg behovet for fellesskap.

Babysong er eit av fleire fellesskap som kan verka rekrutterande til dåp, og kyrkjelydane melder dette som ein av dei viktigaste arenaene. Kyrkjeleg årsstatistikk viser at over 75% av alle døypte deltek på babysong, og at nesten 55% av alle fødde er med. Dette viser at babysong er ein arena som strategisk bør styrkjast, slik at denne gruppa sine føresette får kunnskap og erfaring med kva eit kristent fellesskap er og frimod til å leva som kristne.

Tabell 1.1.3.1.2

År	Unike deltakarar			%vis deltaking	
	Fødde	Døypte	Babysong	av døypte	av fødde
2021	2583	1706	1155	67,7%	44,71%
2022	2402	1722	1314	76,31%	54,75%

Eitt mål må vere å utvikle vidare bruken av ulike digitale flater, som informasjons – og synleggjeringskanalar, som peikar på dei gode fellesskapa kyrkjelydane tilbyr.

1.1.3.2 Oppslutning om konfirmasjon vert halden oppe

Indikator: Antal konfirmantar

Tabell 1.1.3.2.1 Tal konfirmantar

	Møre				Nasjonalt
	Tal deltakarar	Andel konfirmerte av 15-årige medlemmar	Endring i %	Andel konfirmerte av alle 15-åringar (prosent)	Andel konfirmerte 15-årige medlemmar
2019	2442	91 %	-1 %	73,9 %	81 %
2020	2074	85 %	-6 %	68,1 %	80 %
2021	2236	89 %	4 %	69,1 %	79 %
2022	2273	91 %	2 %	67,6 %	79 %

Dei viktigaste suksessfaktorane:

1. At konfirmantundervisninga er relevant
2. God marknadsføring av konfirmasjonstida

Dei viktigaste tiltaka:

1. Utvikle medviten bruk av SoMe i undervisninga
2. Bidra til auka fokus på leiartrening og organisering av frivillige
3. Bidra til dialog og samarbeid med og mellom nabosokn og dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane som driv med ungdomsarbeid i lokalområdet.

Ressursbruk:

Konfirmasjon blir for ein stor del gjennomført av prestar i samarbeid med fleire faggrupper. Det blir gitt tilskot til 10 kateketstillingar i Møre. I dei kyrkjelydane desse gjer teneste, blir konfirmasjonsundervisninga gjennomført av kateket i samvirke med prest. Undervisningsrådgevar gir råd og vegleiing. Den totale ressursbruken er ikkje berekna.

Vurdering av måloppnåing:

Møre har høg deltaking i konfirmasjonstida. Ein nøkkel til denne høge oppslutninga trur me ligg i systematikken som trusopplæringsarbeidet gir, og at ungdommane gjennom deltaking i trusopplæringstiltak opparbeider ein relasjon og nærleik til kyrkjelyden. At det også vert samarbeidd på tvers av sokn, særleg der kulla er små, er ein medverkande faktor. Å bli sett, få ansvar og få moglegheit til å påverke, er nøklar som ungdomane sjølv seier er viktige. Dette gir eit systematisk trusopplæringsarbeid god grobottn for.

Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane vil også kunne gje positive innsteg i konfirmantarbeidet. Målretta marknadsføring og informasjonsarbeid gjennom ulike kanalar er vesentleg for å nå ut til ungdomane.

1.1.3.3 Oppslutninga om vigsel blir halde oppe

Indikator: Antal vigslar – totalt og andel

Tabell 1.1.3.2.2 Tal vigslar

Møre	Tal vigslar totalt	Tal kyrkjeleg vigsel	Andel kyrkjeleg vigsel	Deltakarar kyrkjeleg vigsel
2019	855	367	42,9%	27238
2020	704	276	39,2%	10685
2021	587	260	44,3%	10965
2022	*	395		24796

*ikkje klart

Vurdering

Det har vore svært stor auke i talet på kyrkjelege vigslar og auke i talet på deltakarar ved vigsel. Vi ser at 2022 har fleire vigslar enn før pandemien. Truleg skuldast dette at ein del har utsett bryllaup. I liten grad har ein gjennomført «drop in»-konseptet i Møre. Kanskje kan større fokus på dei nasjonale kampanjane føre til auke?

I ein situasjon der det er fleire vigselstørar på «marknaden», viser statistikken at den kyrkjelege vigsla held posisjonen. Møre bispedøme har også vist fleksibilitet og i stor grad lagt til rette for vigslar utanom kyrkja, og vore på tilbodssida når dei som ynskjer å gifte seg tar kontakt.

1.1.3.4 Oppslutning om gravferd blir halde oppe

Indikator: Antal gravferd – totalt og andel

Tabell 1.1.3.2.3 Tal gravferder

Møre	% av totaltal	Tal døde medlemmer	Tal gravferd	% krk. gravferd	Deltakarar kyrkjeleg gravferd
2019	92,7%	2049	2122	103,5%	
2020	90,9%	1935	1981	102%	
2021	94,3%	2060	2199	107%	
2022	(2448) 90,3%	2210	2178	99%	187793

Vurdering:

Høg oppslutning om kyrkjeleg gravferd held seg, sjølv om vi ser ein nedgang frå 2021. Møre bispedømme er i ei nasjonal særstilling med omsyn til oppslutning om gravferd. Tal som går ned elles i landet ser ikkje ut til å virke på situasjonen i Møre. Vi ser at så godt som alle medlemmer har kyrkjeleg gravferd, og framleis har kyrkja gravferd for 9 av 10 døde, busette i landet.

Det er ei risiko for at rekrutteringssituasjonen og stor bruk av vikarar på sikt kan vere ein trussel for oppslutninga om gravferd. Vakante stillingar kan føre til nedprioritering og dårlegare kvalitet på desse tenestene.

Takk til alle som i ein vanskeleg og utfordrande situasjon stiller opp og utfører gode tenester der kyrkjelyden ikkje har tilgang til fast tilsett prest. Truleg er kyrkjeleg gravferd det tiltaket som meir enn noko anna syner kor viktig kyrkja er i livet for einskildpersonar, bygdelag og den nasjonale kulturen. Oppslutninga omkring gravferd er truleg den beste indikatoren på folkekyrkja si stilling. Det er ei viktig strategisk satsing for å halde oppe medlemstalet og for å vedlikehalde kyrkja som landsdekkande og aktuell, at gravferdstenestene har høg kvalitet og relevans.

1.1.4 Born og unge lærer om kyrkje og tru

Indikator: Deltakardel i utvalde, landsomfattande tiltak.

Overordna tiltak:

- Trusopplæringsressursar på nett
- Fagdagar
- Kompetansehevande tiltak
- Utvikle tiltak med fokus på kunst og kultur for barn og unge/ trusopplæringa

Tabell 1.1.4.1 Prosent oppslutning på utvalde tiltak

ÅR		Dåps- samtale	4- års bok	6 år	Tårn- agent	Lys Vaken	Konfirma- sjon	Etter Konfirma- sjon	TOTALT opp- slutnad	Gjennom-snitt gjennom-førte tiltak
2019	Møre	89%	53%	42%	33%	28%	91%	12%	52%	72%
	Nasj.	99,0 %	40,3 %	28,1 %	24,2 %	19,9 %	80,9 %	10,2 %	42,2 %	77%
2020	Møre	90 %	52 %	34 %	30 %	15 %	91 %	11 %	54 %	60%
	Nasj.	101 %	38 %	29 %	23 %	21 %	80 %	10 %	46,7%	63%
2021	Møre	93%	53%	36%	40%	29%	89%	17%	57%	64 %
	Nasj.	100%	38%	28%	25%	19%	79%	10%	44%	61%
2022	Møre	95%	47%	35%	39%	35%	91%	24%	57%	53%
	Nasj.	96,8%	36%	25,4%	23%	17,9%	79,2%	10,3%	41,8%	41,3%

Ressursbruk:

Møre bispedømme har ein tilsett undervisningsrådgjevar. Det vert gitt tilskot til alle kyrkjelydar i samband med trusopplæring.

Vurdering

Vi har stabil oppslutning om trusopplæringstiltaka som vert tilbydd i sokna, og nærare 60% av dei som får invitasjon blir med. Særleg gledeleg er det å sjå at vi no har større oppslutning frå ungdommane også etter konfirmasjonstida.

Det som bekymrar er at det berre er halvparten av dei planlagde rapporterte tiltaka som vert gjennomførte. Noko av årsaka ligg nok i at det er vanskeleg å finne vikarar og å få rekruttert nyttilsette, då det i fleire sokn er vakansar og langtidssjukmeldingar. Dette forsterkar viktigeita av gode målsette, tiltaksbeskrivingar som gjer vikarar, frivillige og nyttilsette i stand til å gjennomføre planlagde tiltak. Dette er ein prosess dei fleste sokna er godt i gang med.

Det uroar også at gjennomførte timar med trusopplæring går ned. Det er viktig å understreke at det er soknet som eig planen og kyrkjevevja har ansvar for å realisere/gjennomføre truopplæringsplanen innanfor ramma av gjeldande tilskot.

Ved å ha eit bevisst fokus på innhald og moglegheiter i dei ulike stillingsressursane knytte til kyrkjeleg undervisning, vil vi kunne vise eit mangfald og kanskje lokke til utdanning og tilsetting. Som ein del av denne bevisstgjeringa blir det arbeidd lokalt, i prostia og regionalt i bispedømet med erfaringsdeling generelt og kompetanseheving. Bispedømet tilbyr, i samarbeid med MF/ Vid, TF, Høgskulen i Volda og frittstående fagpersonar, månadlege digitale fagsamlingar i tillegg til to årlege større fagdagar. I 2022 var fokuset teologiske vurderingar kring formidling av tekster til barn, bruk av SoMe, dei sårbare barna og korleis ta vare på seg sjølv i ein krevjande kvardag. Det er aukande oppslutning om fagsamlingane og grepet med å samlast digitalt gjer det mogleg at fleire tek del.

Eventuelle endringar av tiltak:

- a. Utdanning/etterutdanning av kyrkjelydspedagogar og kateketar. Her krevst det kontinuerleg motivasjon og tilrettelegging for deltaking i tilbodet
- b. Sjå på strukturelle hindringar for gjennomføring av trusopplæringsplanane
- c. Gje tilbod om kurs knytt til digital kompetanseheving
- d. Vurdere kontinuerlege tiltak i høve til nye tiltak
- e. Sjå på samarbeidet med barne- og ungdomsorganisasjonane

Strategisk mål 1.2 Fremmer verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle

1.2.1 Kyrkja tek aktivt del i samfunnsdebatten og på ulike arenaer i det offentlege rom

Indikator: Kvalitativ vurdering

Dei viktigaste planlagde tiltaka

- Tydeleg kyrkjeleg nærvær på relevante samfunnsarenaer, media, konferansar, samlingar og festivalar
- Samhandling med andre samfunnsaktørar
- Hyppigare formidling av kyrkjesaker i media- og gjennom egne nettsider/SoMe
- Løfte fram trusfridom i samfunnsdebatten
- Gje ord for tru: Artikkel om ulike trushistorier

Vurdering:

På bispedømenivå er det biskopen som er mest synleg. Biskopen deltar på konferansar i regi av statsforvaltar, fylkeskommunen eller samlingar for ordførarar/kommunedirektør og samhandlar og med desse.

Biskopen er til stades på kyrkjelege og offentlege arenaer elles i bispedømet. Bjørnsonfestivalen, Jazzfestivalen, Kristiansund kyrkje og kunstfestival med breie samfunnsaktuelle tema er døme på dette. Som visepreses er biskopen og engasjert på arenaer på tvers av bispedømer eller nasjonalt.

Også internasjonalt er biskopen engasjert ved å vere delegat til dei internasjonale klimaforhandlingane og i 2022 valt inn i eksekutivkomiteen og som delegat til Kirkenes Verdensråd.

Biskopen har eit stort nettverk i høve til kyrkjelege leiingar nasjonalt, i Norden, Europa og Afrika – og formelle venskapsavtalar med kyrkjer i Ungarn og England. Biskopen har og kontakt med politikarar nasjonalt og internasjonalt.

Biskopen har nokre faste, årlege kronikkar i media, i tillegg til sporadiske kronikkar om aktuelle tema. Biskopen er også aktiv på sine egne kanalar på Twitter og Facebook. Viktige tema og engasjementområder for biskopen er:

- Klima og ansvar for skaparverket
- Flyktningar og tryggleik i ein usikker verden
- Fattigdom, krise og katastrofe
- Utanforskap
- Internasjonal solidaritet.

Biskopen avgrensar sitt engasjement i høve til regional og lokale politiske debattarenaer som bu- og arbeidsmarknad, skule, helse og samferdsel.

Staben ved bispedømekontoret blir oppmoda om å til dømes skrive kronikkar eller proaktive pressemeldingar om dei respektive fagfelt. Dette er eit område som kan bli utvikla meir.

I Møre er det svært mange lokalaviser. Desse har fokus på det som skjer i lokalmiljøet – også kyrkjeleg verksemd. Vikebladet har egne kyrkjesider – som eit døme.

Kyrkja lokalt elles tek i liten grad aktiv del i samfunnsdebatten, med nokre unntak. Det er sporadiske kronikkar av einskildpersonar.. Domkantor deler fast videoar på Facebook i ein serie han har kallar “Salme på en fredag”. Elles hender det seg at tilsette og/eller tillitspersonar blir intervjuet av media i samband med aktuelle saker.

Det er gitt uttrykk for noko usikkerheit mellom tilsette rundt kva dei kan seie til media eller kva dei kan publisere i andre flater, når og i det heile korleis dei kan delta i samfunnsdebatten. Korleis engasjere seg i til dømes lokale saker, som vindmølleutbygging eller skulenedleggingar? Kva moglegheit har kyrkjelege tilsette til å uttrykke sine meningar offentleg, utan at det blir kyrkjepolitikk av det? Vi har planar om å møte dette gjennom medietreningsdag i samband med prostisamlingar. Vi vil og oppfordre til å ta kontakt med rådgjevar kommunikasjon ved bispedømekontoret. Om det er usikkerheit rundt korleis ein skal kommentere noko i media, eller om ein i det heile kan uttale seg, kan bispedømekontoret kontaktast på førehand.

På prostidagane for alle tilsette i 2022 handla to bolkar om kontakt med media/korleis skrive for media/korleis formidla verdas beste budskap. Det ga eit innblikk i pressemeldingsdelen av mediahandteringa, og korleis prøve å bruke media positivt. For å bli trygg på å skrive mediasaker må ein øve. Dei som er best på å kommunisere i og med media, er dei som har gjort det fleire gongar før. Budskapet bør takast igjen ved passande høve.

1.2.2 Kyrkja samhandlar med ulike trus- og livssynssamfunn

Indikator: Kvalitativ vurdering

Viktige tiltak:

Støtte dei to eksisterande foruma for religionsdialog og bidra til å opprette fleire.

Vurdering:

I Møre bispedøme har det gjennom 2022 eksistert to samarbeidslag for tru og livssyn (STL-lag), der Den norske kyrkja er representert. Rådgjevar ved bispedømekontoret og ein av prestane i bispedømet deltok på nettverkssamling for religionsdialog.

Det har synt seg at dette arbeidet er utfordrande å få til å fungere godt; det eine laget går mot nedlegging. Det er utfordrande å få andre trus- og livssynssamfunn i tale, då dei i liten grad har faste tilsette eller frivillige med mandat til å gå inn i dialogen. Vi ser at der det lukkast ligg fokuset primært på at lokale leiarar for trus- og livssynssamfunn møtest for å bli kjende og sjå på utfordringar i sitt lokalmiljø. Tanken om eit overordna lag for Møre og Romsdal vil difor bli lagt bort, og ein vil søke å legge til rette for fleire forum for dialog lokalt.

Strategisk mål 1.3 Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje

1.3.1 Rekruttering til kyrkjelege stillingar blir styrkt

Indikator: Tal søkjarar til vigsla stillingar, tal vakansar i vigsla stillingar

Tabell 1.3.1.1 **Utlysingar, søknadar og tilsettingar i prestestillingar – Møre bispedøme**

År	Utlyste stillingar	Tal søknadar	Søknadar per stilling	Stillingar lyst ut fleire gonger	Tal tilsettingar
2015	17	53	3,1		14
2016	9	15	1,7		6
2017	9	26	2,9		9
2018	7	13	1,9	3	5
2019	16	22	1,4	6	6
2020	11	15	1,4	5	6
2021	13	22	1,7	4	7
2022	16	17	1,1	5	10

Det finst tal for vigslingar dei siste åra, men ikkje tal på søkjarar til vigsla stillingar eller tal vakansar i vigsla stillingar.

Tabell 1.3.1.2 **Tal vigslingar/ordinasjonar**

	2019	2020	2021	2022
Prestar	2	2	2	4
Diakonar	1	4	1	2
Kateketar	0	0	0	0
Kantorar	1	0	0	0
SUM	4	6	3	6

Vurdering av måloppnåing - nokre viktige tiltak:

Tala syner at det er ein krevjande situasjon med omsyn til rekrutting. Eit snitt på berre 1,1 søknader pr prestestillingar er det lågaste som har vore i Møre bispedøme.

Talet er likevel for lågt, fordi dei 10 prestevikarane som er omfatta av ordninga "Prest under utdanning" har vore tilsette i mellombelse stillingar som ikkje er rekna med i statistikken. Desse er frå 1.jan. 2023 tilsette i faste stillingar i bispedømet, og vil bli rekna med neste år.

Prest under utdanning har vore eit viktig rekrutteringsarbeid til prestetenesta i Møre. Denne ordninga vil også dei neste åra bere frukt, med fleire ordinasjonar og teneste i bispedømet.

Det siste halvåret har ein også byrja arbeidet med å heve kvaliteten på heile rekrutteringsprosessen med nye intervjumalar, merksemd kring kandidatopplevinga m.m., som ein vonar vil resultere i fleire tilsetjingar dei komande åra. Vi ser at bispedømet sitt omdøme spelar inn på rekruttering, og dette vil vi jobbe aktivt med vidare.

I mellomtida blir det arbeid intenst og målretta med best mogleg vikarar til dei ledige stillingane. Her er pensjonistane til svært god hjelp for kollegaer og kyrkjelydar.

Ein arbeider målretta med rekruttinga til alle kyrkjelege stillingar, ved deltaking på utdanningsmesser, besøk ved studiestadane, gode og velfungerande ordningar og rammer for sommarvikarar og deltaking i programmet VTV.

Også rekruttering til kyrkjemusikarstillingar er krevjande. Her har vi ikkje statistikk, men ut frå det vi har kjennskap til er det gjennomgåande få søkjarar til stillingar som blir lyste ut. Det er variasjon mellom fellesråda, der nokre tenestestader er meir attraktive og har betre tilgang på kvalifiserte søkarar enn andre. Det er fleire eksempel i bispedømet på at kyrkjemusikarar med

inga kyrkjemusikalsk utdanning, eller mangelfull utdanning, er blitt tilsett i faste stillingar. Andre stader er stillinga lyst ut fleire gonger før ein har fått tilsett nokon i stillinga.

Rekruttering er ofte tema på fagsamlingar for kyrkjemusikarane, og i 2023 er det planlagt ei fagsamling der arbeid med orgelelevar er hovudfokus. Bispedømet støttar opp under Orgelklubben i Møre, som er ein viktig rekrutteringsarena på lang sikt, der barn og unge får høve til å prøve seg på orgelspel under vegleiing av dyktige kyrkjemusikarar. Men vi ser at behovet er stort for å få etablert samordna tiltak som kan bidra til fleire godt kvalifiserte kyrkjemusikarar til bispedømet. Pensjonerte kyrkjemusikarar er også på dette området til svært god hjelp for å få løyst oppgåvene.

På lik linje med andre vigsla stillingar, viser rekrutteringa til diakonstillingar seg krevjande. I 2022 var det lyst ut fleire diakonstillingar i bispedømet, men ingen hadde aktuelle kvalifiserte søkjarar. Vi er glade for at sokna er positive til å leggje til rette for at tilsette som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava kan ta utdanning. Dette krev samstundes at det blir lagt til rette for vegleiing og tett oppfølging, og vi ser eit behov for å formalisere dette, særleg i lys av stadig aukande problem med rekruttering.

Rekruttering til undervisningsstillingar er også krevjande og då særleg kateketstillingane, der er rett og slett ikkje nok kvalifiserte søkjarar. Det blir arbeidd med ei bevisstgjeriing i forhold til innhald og krav til dei tre vedtekne stillingsnemningane – kyrkjelydsarbeidar, kyrkjelydspedagog og kateket. Parallelt med å motivere til etter – og vidare utdanning av tilsette, men også nyrekruttering.

Utdanningsmesse

Messene rettar seg mot elevar i den vidaregåande skulen og tek sikte på å gi råd om utdanningsval vidare. Utdanningsmessene er årvisse og blir gjennomførte i samarbeid med fellestråda. Kvar stand blir bemanna av fleire yrkesgrupper.

Å kunne dele informasjonsmateriell frå utdanningsinstitusjonane og slik kunne peike på ulike valmoglegheiter, i tillegg til å fortelja kva ein konkret arbeider med i løpet av ein dag, opplevst ønskt og meningsfullt.

Pandemien erstatta dei fysiske utdanningsmessene med digitale. Tanken har vore å vende tilbake til dei fysiske messene når ein etter kvart har fått høve til å samlast fritt. Likevel er erfaringane frå dei digitale messene så gode at Møre bispedømme, saman med medarbeidarar i Nidaros, tok initiativ til å vidareføre digital utdanningsmesse i tillegg til dei fysiske. Kyrkjerådet finansierte deltakinga. Erfaringar og opparbeidd kompetanse frå denne digitale møteplassen er etter kvart så tilgjengeleg, at det etter vår vurdering er ein viktig rekrutteringsarena som bør vidareførast!

Vi opplever stor positiv overrasking over at det er så mange yrkesgrupper og valmoglegheiter ut over dei tradisjonelt vigsla stillingane i kyrkja. Særleg nysgjerrigheit er det kring stillingar knytte til undervisning, musikk eller meir praktisk retta stillingar som anleggsgartnar, kyrkjegardsarbeidar eller kyrkjetenar. Det er ei ære å vere til stades og ein viktig rekrutterande arena.

1.3.2 Kyrkja har ein velfungerande organisasjon

Planlagde tiltak:

- Kvalifiserte prestar i alle stillingar
- Rådgjeving og dialog med dei ulike nivåa i organisasjonen
- Bidra i arbeidet med kyrkjeleg organisering
- Utvikle ungdomsdekomokratiet
- Førebu kyrkjevalet 2023

Innstega til punkt om velfungerande organisasjon er fleire og vi vel å avgrense til nokre hovudpunkt.

Årsverk og stillingar

Møre bispedømme har totalt 88,9 årsverk og av desse er 74,9 årsverk prestar. Desse er fordelt i 6 prosti etter nærare fordelingsnøkkel. Pr 31/12 er det 8,1 vakante presteårsverk. Desse blir i stor grad betent av 10 tilsette i Prest under utdanning (PUU), som inntil 31/12 er rekne som vikarar og ikkje er rekna inn i talet på årsverk. Stillingskategoriane fordeler seg slik (vakante stillingar ikkje tatt med)

Biskop	Domprost	Kapellan	Prost	Prosti- prest	Senior- prest	Sokne- prest	Spesial- prest	Preste- vikarar	Totalt
1,0	1,0	3,4	5,0		2,0	41,0	3,0	12,50	68,9

Bruken av pensjonistar har hatt ei aukande utvikling dei siste åra. Desse blir i stor grad brukt ved sjukefråvær og permisjonar, men og inn i vakante stillingar.

Tabell 1.3.2.1 Bruk av pensjonistar

Timar med pensjonistløn					"Årsverk"				
2019	2020	2021	2022	Endring 2021-2022	2019	2020	2021	2022	Endring 2021-2022
11 558	14 810	14366	17327	2961	6,25	8,01	7,8	9,4	1,60

På bispedømekonter er det 13 årsverk. Dei støttar biskop og bispedømeråd i deira verksemd, gir leiarstøtte til prostar. Det blir og gitt rådgjeving overfor tilsette og lokalkyrkjelege organ i høve til kyrkjefaglege tema (gudstenester, kyrkjelege handlingar, diakoni, undervisning, kyrkjemusikk, misjon mm) og personalrelatertert tema.

Møre bispedømme har tatt del i arbeidet med **kyrkjeleg organisering** fram mot vedtak i Kyrkjemøtet 2022 gjennom høyringar, informasjons- og dialogmøter med sokneråd og fellesråd. Ny kyrkjeleg organisering har og vore tematisert i kontaktmøter med tillitsvalde og i RAMU for å vurdere arbeidsmiljømessige konsekvensar. Kyrkjemøtet sitt vedtak er gitt informasjon om til eigne tilsette i prestekonvent, og alle kyrkjeleg tilsette i prostivise samlingar. Det vidare arbeidet inn mot Kyrkjemøtet 2023 skjer i fortsatt dialog med lokalkyrkjelege organ etter rammer gitt av Kyrkjerådet. Vedtak gjort i kyrkjemøtet vil bli følgt opp i Møre bispedømme.

I framtida vil det måtte bli tatt stilling til kva som er hensiktsmessige einingar både med omsyn til sokn (samarbeid eller samanslåing), fellesråd (samarbeid eller samanslåing) og prostigrenser. Til tross for vedtak om prostigrenser i 2019 viser erfaring at det er nødvendig med ein ny gjennomgang av prostia. Framtidige vedtak om leiing, roller og økonomiske rammer vil vere faktorar som og må bli tatt omsyn til.

Det er nødvendig å auke samhandlinga mellom bispedømeråd, sokneråd og fellesråd. Bispedømerådet sin strategiske rolle skal bli styrka. Samhandling og dialog med dei lokalkyrkjelege organa er ei føresetnad for legitimitet. Arenaer for slik samvirke må bli utvikla.

Tilskot til stillingar innan diakoni og undervisning er viktig ressursar til kyrkja lokalt – for dei som får. Tildelingane følgjer av tidlegare og svært gamle vedtak, med unntak for nokre nyoppretta diakonstillingar. Tilskotet kan bli oppfatta som ei hevdvunne rett til tilskot, sjølv om føresetnadar kan ha vore endra – som til dømes endringar i kommune-/fellesrådsgrenser, befolkningsendringar eller organisering av prestenesta. Det er difor nødvendig med ei større gjennomgang for å sikre at det ikkje oppstår utilsikta skjeivheiter. Vi vel å avvente dette arbeidet til etter vedtak i Kyrkjemøtet om kyrkjeleg organisering.

Vi vurderer at vi har ei god forvaltning av dei tilskota som blir gjevne. Det er imidlertid ei utfordring at rapportering i høve tilskot kjem seint. Det fører til forseinking i å fastsette tilskot for inneverande år. Det skapar og usikkerheit om midlar har blitt brukt eller ikkje. Dette aukar risiko for at bispedømet ikkje nyttar midlane fullt ut.

Det er gjort fleire tiltak for å utvikle **ungdomsdemokratiet**. Det er tilsett rådgjevar med særleg ansvar for arbeidet med ungdomsting, ungdomsråd og ungdommens kirkemøte. Det viser seg utfordrande å rekruttere ungdom til å forplikte seg eller å stå i dette arbeidet over tid. Vi vil arbeide vidare med særlege tiltaksplanar og ser også fram til Kyrkjerådet si handsaming av saka.

Planlegging av Kyrkjevalet 2023 er starta i 2022. Vi meiner bispedømet er godt førebudd på det arbeidet som skal bli gjennomført. Fleire sokn har planar om felles sokneråd. Vi forventar fleire lister til val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

«**Kyrkja vår**» er eit viktig, strategisk verktøy for arbeidet i dei enkelte sokn. Fleire pilotar har vore med i utviklinga. Det er gitt særleg informasjon til tilsette og sokneråd i heile bispedømet. Vi meiner Møre bispedøme er godt førebudd til å ta dette i bruk våren 2023.

1.3.3 Kompetanseutviklinga blir styrkt

Indikator: Tal gjennomførte e-læringskurs, kvalitativ vurdering

I kursbasen er det mange ulike kurs. Tilsette (prestar og administrasjon) i Møre bispedøme har gjennomført 388 kurs. Omtrent 30 % av prestane har tatt e-læringskurset om beredskap. Fleire prosti meldar at dei har tatt e-læringskurs i fellesskap utan at dette blei registrert. Våren 2022 blei det i tillegg gjennomført prostivise, fysiske beredskapskurs for alle prestane.

Det har vore jobba i tett dialog med prostane om gjennomføring av e-læringskurs, og vi ønskjer å auke gjennomføringsprosenten på kursa. Viktige vurderingar for vidare tiltak:

- For at tilsette skal gjennomføre desse kursa må dei vere relevante i jobbsamanheng for den enkelte, og gje auka kompetanse for å styrke gjennomføringsgraden.
- Obligatoriske kurs må vere forankra i leiargruppa, slik at det ikkje er opp til den enkelte kva for kurs ein skal ta.
- Det må vere godt kommunisert med dei tilsette kvifor dei skal ta ulike kurs, og kva fristar dei har for å gjennomføre.
- Obligatoriske kurs bør ha automatisk påminning fram til deltakaren har gjennomført kurset.
- Kursbasen må vere lett tilgjengeleg og enkel å kome seg inn i.

Når det gjeld anna kompetanseutvikling for prestane i regi av Regionalt etter- og vidareutdanning (REVU), så vart det i 2022 gjennomført ei undersøking av etter- og vidareutdanning for prestane i Møre. Eit funn i undersøkinga er at meir enn halvparten av alle kollegaer unnlét å søkje om etter- og vidareutdanning av omsyn til den ekstra belastninga dette fører til for kollegane. Ein vanskeleg rekrutteringssituasjon og store utfordringar med nok vikarar får også konsekvensar for kompetanseutviklinga framover. Utvikling av relevante E-læringskurs kan vere eit alternativ for nokre. Gode prostivise kurs kan vere ein annan veg å gå.

HOVUDMÅL 2: Kyrkja er der livet blir levd

2.1.1 Fleire deltakarar på konsertar og kulturarrangement

Indikatorar:

Tal på deltakarar på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene i regi av kyrkjelydane/andre aktørar

Viktige tiltak:

- Rådgjeving og kompetansehevande tiltak
- Kulturplan for bispedømet, vidareutvikle Møre som kulturbispedøme
- Initiere samarbeidsprosjekt mellom kyrkja og kulturlivet elles
- Finansiering av kulturaktivitetar i kyrkjene, rådgjeving og tilskotsordning

Tabell 2.1.1.1: **Konsertar og andre kulturarrangement**

	Konsertar				Andre kulturarrangement			
	I regi av kyrkjelyden		I regi av andre		I regi av kyrkjelyden		I regi av andre	
	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar
2020	175	8 894	112	7 611	75	1 748	21	933
2021	187	10 800	133	14 783	59	4 134	15	887
2022	348	24 540	249	37 261	110	6 102	63	9 508

Tabell 2.1.1.2: **Konsertar og andre kulturarrangement – deltakarar og endring i prosent**

	Totalt tal konsertar og kulturarrangement			Deltakarar konsertar og kulturarrangement			Prosent endring 2021-2022	
	2020	2021	2022	2020	2021	2022	Tal på konsertar/ kulturarr.	Tal på deltakarar
	383	394	770	19 186	30 604	77 411	95%	153%

Ressursbruk:

Frå bispedømmerådet blir det i hovudsak brukt ei stilling som rådgjevar.

Gjennom ordninga med vekstmiddel og OVF-tilskot ga Møre bispedømmeråd økonomisk støtte til i alt 42 ulike kunst/kulturtiltak i 2022, med en samla tildeling på ca. kr 1 000 000.

Vurdering av måloppnåing:

Talet på gjennomførte konsertar og kulturarrangement i kyrkjene, og talet på deltakarar har gått kraftig opp frå 2021, med ein auke på 95% i talet på arrangement og 153% i talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement. Med eit samla besøkstal på i overkant av 77 000, er kulturlivet i kyrkjene i Møre på god veg tilbake til der det var før pandemien. Dersom ein samanliknar med tala frå før pandemien, var totalt tal på konsertar og kulturarrangement i 2019 på 731, medan besøkstalet var på 99 461. Talet på arrangement var altså høgare i 2022 enn i 2019, medan samla besøkstal viser ein nedgang på 22%. Gjennomsnittsbesøk ved arrangementa er auka frå 78 i 2021 til 101 i 2022. Tilsvarande tal frå 2019 er 136. Ein nedgang på 25%.

Kunst og kultur var eitt av fokusområda i bispedømmerådet si årsplan for 2022. Bispedømmerådet vedtok i januar 2022 ei kulturplan for perioden 2022-2025, der målsettinga er å vidareutvikle Møre som kulturbispedømme, i eit samspel med kulturlivet elles. Det har vore ei prioritert oppgåve gjennom året å bidra til revitalisering av samarbeidet mellom kyrkjelydane og kulturinstitusjonar og andre aktørar på kunst og kulturfeltet i regionen, gjennom ulike samarbeidsprosjekt med mellom andre Bjørnsonfestivalen (litteraturprosjekt), Festspillene i Kristiansund (seminar om pilegrim, kunst og kultur), og Teatret Vårt (teaterturne).

Finansiering av kulturaktivitetar er ei utfordring for kyrkjelydane, som i stor grad er baserer seg på publikumsinntekter. Endringane i oppslutning gjennom pandemien har forsterka dette. Tilskot frå OVF- og vekstmiddelordninga har gitt viktige og nødvendige bidrag for å styrkje kyrkjene og kyrkjelydane som kulturarena og kulturaktør i gjenoppbygginga av kulturlivet i kyrkjene etter pandemien. Det er bekymringsfullt at midlane frå OVF ikkje lenger vil vere tilgjengelege for kyrkjelydane. Desse midlane har gitt bispedømmerådet handlingsrom for å gi støtte til viktige satsingsområde der det er utfordrande å finne andre finansieringskjelder. Ordninga med vekstmiddel er vedtatt vidareført i 2023, men der handlingsrommet for å kunne gje støtte til kunst- og kulturproduksjonar vil bli mindre. Utfordringane med finansiering av kunst og kulturaktivitetar i kyrkjene er ytterlegare forsterka av at fylkeskommunen ikkje gir kulturstøtte til trussamfunn.

Samarbeidet med kulturturlivet elles er til gjensidig nytte og inspirasjon, og er viktig å vidareføre. I 2023 markerer Møre bispedømme 40 års-jubileum, og planlegging av felles prosjekt med nokre av kulturinstitusjonane er godt i gang.

Korarbeidet i kyrkjelydane har vore sterkt prega av pandemien, og det vil framleis vere ei viktig oppgåve å styrkje dette arbeidet i tida framover. I 2023 er det planlagt to fagsamlingar med vekt på korarbeid for ulike målgrupper i kyrkjelydane.

2.1.2 Styrkje og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt

Indikatorar:

- Antal kyrkjelydar med opne kyrkjer
- Pilegrimsrapportering

Viktige tiltak:

- Styrkje kyrkjelydane langs pilegrimsledene i bispedømmet gjennom nettverksmøte og ressursgrupper
- Utvikle pilegrimsteologi/kompetanse
- Digitale plattformer for presentasjon av den kyrkjelege kulturarven

Tabell 2.1.2.1: Opne kyrkjer

Tal sokn med open kyrkje				Totalt tal dagar med open kyrkje			
2020	2021	2022	Endring i prosent 2021-2022	2020	2021	2022	Endring i prosent 2021-2022
45	48	43	-10%	1 816	1 395	1552	11%

Vurdering av måloppnåing:

Målet delvis nådd. Totalt tal på dagar med open kyrkje har auka med 11%, medan talet på sokn med open kyrkje viser ein nedgang på 10%. Dei statistiske tala er usikre på dette området. Ser ein nærare i statistikken på soknenivå, går det fram at tala blir ført svært ulikt frå sokn til sokn, og fleire av kyrkjelydane som vi veit har open kyrkje står oppført med 0 dagar. Her bør det tydeleggjerast betre i statistikk-skjemaet. Det ein kan lese ut av statistikken er at kyrkjelydar som har eit pilegrimsfokus er dei som ofte ligg høgt når det gjeld dagar med open kyrkje. Men framleis er dette ei utfordring. Møre bispedømme arbeider for å stimulere fram bevisstheit om verdien av å ha opne kyrkjer langs ledene, både som ein del av kyrkja si teneste, og for turistar og pilegrimar, særleg i sommarsesongen. Dette vil vere eit av fokusområda i samband med markeringa av 40-årsjubileet for Møre bispedømme i 2023.

Når det gjeld pilegrimsarbeidet elles, kan vi slå fast at det langsiktige arbeidet som er gjort med å legge til rette for Kystpilegrimsleia og Valldalsleden, no sakte men sikkert ber frukt.

Kyrkjelydane tek i bruk ledene meir og meir inn i sine tiltak, ved å arrangere konfirmantvandringar, kortare vandringar og ulike temavandringar. Regionalt pilegrimssenter på Smøla er ein viktig samarbeidspart for bispedømmet. Store delar av 2022 sto stillinga som dagleg leiar for senteret vakant, men frå hausten var ny leiar på plass. Senteret spelar ei viktig rolle for å skape aktivitet og bygge nettverk mellom ulike aktørar på pilegrimsfeltet.

Frå mai 2022 vart tilbodet med gratis audioguiding via appen Voice of Norway gjort tilgjengeleg ved nøkkelstadane langs Kystpilegrimsleia i Møre og Nidaros. Dette er eit pilotprosjekt som er finansiert av fylkeskommunane Møre og Romsdal og Trøndelag. Prosjektet har blitt positivt motteke, men enno er det ikkje tilgjengelege tal for bruken av tenesta.

Gjennom vårsemesteret gjennomførte prestane i Ytre Nordmøre eit kursopplegg med utgangspunkt i Roger Jensen si bok, Pilegrim. I september arrangerte bispedømmet i samarbeid med Festspillene i Kristiansund eit seminar om pilegrimsspor i kunst og kultur. Begge desse tiltaka fekk mange positive tilbakemeldingar. Det er eit tydeleg behov for å bygge kompetanse på pilegrimsfeltet.

2.1.3 Skular og andre aktørar formidlar kulturarven i kyrkja

Indikator: Kvalitativ rapportering – lokale historielag, kyrkje-skule-samarbeid

Dei viktigaste suksessfaktorane

- At kyrkja blir opplevd som ein relevant medaktør og ressurs for skulen

Dei viktigaste tiltaka:

- Tema i visitasar
- Motivere for klare samarbeidsavtalar mellom skulen og kyrkja
- Leggje til rette for sams fokus på berekraftsmåla
- Utvikle skule-kyrkje-samarbeidet ved å utnytta formuleringane i skulen sitt planverk
- Vere ein aktiv, attraktiv og relevant samfunnsaktør

Tabell 2.1.3.1 **Skule og kyrkje**

	Guds-tenester for barnehage barn	Del-takarar	Guds-tenester for skule-elevar	Del-takarar	Antall besøk frå bhg. i kyrkja	Besøk av kyrkjeleg medarb. i bhg	Antall besøk frå skular i kyrkja	Besøk av kyrkjeleg medarb i skulen
2019	87	6237	183	33878	248	109	167	142
2020	55	1939	97	3885	101	65	115	70
2021	80	2863	22	2161	172	50	135	78
2022	64	3474	170	28088	216	68	172	81

Ressursbruk:

Gudstenester for skular og barnehagar involverer ei rekkje tilsetja. Me har ikkje oversyn over den totale ressursbruken på dette området. Undervisningsrådgevar er involvert ved strategiske møte med barnehage-/skuleleiing og lærarar lokalt, regionalt og nasjonalt - og med rådgeving til planverksarbeid i dei enkelte sokna.

Vurdering av måloppnåing:

Dei totale treffpunkta mellom skulen og kyrkja har det siste året auka, dette er svært gledeleg. Det er også auke i barnehage-/skulebesøk i kyrkja og besøk av kyrkjeleg medarbeidar i barnehagen/ skulen.

Gudstenestetalet for skuleelevar er no tilbake på det nivået det var før pandemien, derimot ser vi at gudstenestetalet for barnehagebarn har gått ned. Dette kan vera resultat av ei strategisk samhandling med dei lokale barnehagane i soknet. Ein fare ved slike grep er at vi som kyrkje mistar den naturlege relasjonsbygginga til kyrkja som bygg og stad for kor kristne samlast for trusutøving. I staden blir kyrkja i større grad knytt til enkeltmenneske. Her er det ulike behov som bør vegast oppimot kvarandre.

Ei vidare strategisk samhandling med barnehage/skulen viktig, og at barnehagen/ skulen opplever kyrkja som ein relevant ressurs og medaktør i fleire fag og på fleire områder. Dette arbeidet må prioriterast.

Strategisk mål 2.2 Bidrar til å gjere verkeleg berekraftmåla - lokalt, nasjonalt og globalt

2.2.1. Fleire kyrkjelydar med diakonal satsing

Indikator: Tal kyrkjelydar med diakonal betjening, kvalitativ vurdering

Viktige tiltak:

- Tettare dialog om diakoni med kyrkjelydar utan diakon, med fokus på diakoniplan
- Støtte og styrke diakonane i tenesta.

Tabell 2.2.1.1 **Sokn med diakon**

	2020	2021	2022
Tal sokn med diakon	44	53	53
Del %	46%	56%	56%

Tabell 2.2.1.2 **Sokn med plan for diakoni**

	2020	2021	2022
Tal sokn med plan for diakoni	61	64	62
Del %	64%	67%	65%

Vurdering:

I 2022 blei det ikkje oppretta nye diakonstillingar i bispedømet. Det er derimot fleire stillingar som har stått heilt eller delvis ubemanna. Mykje av dette kan skuldast rekrutteringskrise. Her viser vi til avsnitt 1.3.1 om rekruttering.

I dialogen med fellestråda om bruken av tilskot til diakonstillingar, oppmodast det jamt om å tenke meir strategisk om diakonstillingar i høve til fornying og innhald og for å kunne betene fleire sokn.

Det har vore mindre vegleining til kyrkjelydar utan diakon enn ønska. Fleire sokn manglar plan for diakoni, og fleire av planane er over fem år gamle.

Ein viktig del av ei styrka diakonal betening i bispedømet er å bidra til kompetanseheving, fagleg oppdatering og motivasjon for dei som er tilsette i diakonale stillingar. Den viktigaste arenaen for det er fagsamlingar, og i 2022 var diakonane inviterte til to fagsamlingar – ei på vårparten saman med undervisningstilsette og ei på hausten med tema sorg. I tillegg møtest diakonar på Sunnmøre jamt for samtale og fagleg påfyll.

Mindreforbruket innan diakoni vert gjennom vekstmidlane kanalisert til andre diakonale tiltak og prosjekt i sokna. Vi ser at tilskotet stimulerer til og senker terskelen for å setje i gang med diakonale tiltak, også i sokn utan diakon. Sjå punkt 3.2.4 for meir om vekstmidlar.

2.2.2 Kyrkja fremmar menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket

Indikator: Kvalitativ vurdering

Viktige tiltak:

- Fokus på grøn kyrkje
- Havets dag 2022
- Fasteaksjonen

Vurdering:

Møre bispedømme fekk i 2022 to nye grønne kyrkjelydar – Herøy og Hareid. Vi ser eit behov for ein gjennomgang av og auka fokus på grøn kyrkje i bispedømmet. Talet på grønne sokn i bispedømmet er låg, og det er ein generell tendens at grøn kyrkje i liten grad set sitt preg på gudsteneste og anna kyrkjeleg aktivitet.

Eit nytt tiltak av året var Havets dag 2. pinsedag. Denne dagen blei det gjennomført ei gudsteneste nær sjøen i kvart prosti, med fokus på vern om skaparverket og havet.

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp er eit fast ledd i alle sokn i bispedømmet, og det er god tradisjon for deltaking på innsamlingsdagen, særleg for konfirmantgruppene. I 2022 toppa Møre og Romsdal statistikken for innsamla kroner pr innbyggjar med god margin.

Hausten 2022 byrja prosessen med å etablere Kirkens Bymisjon i Kristiansund etter at dette kom opp som tema på visitas i mai. Kristiansund har store sosiale utfordringar, med høge tal på

både rus og fattigdom. Møre bispedømme har vore representert på innleiande møter og kjem til å følgje prosessen vidare, og bispedømmerådet har vedtatt å bidra økonomisk i oppstarten.

2.2.3 Utslepp og miljøbelastning i Den norske kyrkja blir redusert

Indikator: Kvalitativ vurdering

Vurdering:

Arbeidet med berekraftig arbeidsgjevarpolitikk som har kome i etterkant av kyrkjemøtevedtaket i 2021 om kyrkja sitt arbeid med klima, miljø og berekraft, har òg fått sine konsekvensar i Møre. Administrasjonen har arbeidd ein del med reisepolicyen frå Kyrkjerådet for å auke lokal relevans og eigarskap til denne, mellom anna ved å løfte tematikken i kontaktmøte. I eit fylke med mange ferjer og dels mangelfullt kollektivtilbod er terskelen for å reise med privatbil låg. Denne problematikken kjem vi i møte ved å streve etter at alle møte og fagsamlingar har eit digitalt alternativ, så godt det let seg gjere, og ved å leggje møte til stadar det er lettare å reise kollektivt for alle.

ENØK-prosjektet, som vart starta i 2018, er i samarbeid med KA ferdigstilt, og blei presentert på webinar i juni 2022. Ei av dei største utsleppskjeldene til Den norske kyrkja er oppvarming av kyrkjebygg. ENØK-prosjektet er eit godt eksempel på at det er mogeleg å gjere tiltak som minkar energiforbruket mykje. Prosjektet har bestått i ei kartlegging av energibruken i kyrkjene i bispedømmet, nokre pilotprosjekt på energisparande tiltak og vegleing på energiøkonomisering. Prosjektet har mellom anna resultert i ein vegleiar som skal hjelpe fleire fellestråd til å gjere energiøkonomiserande tiltak.

Strategisk mål 2.3 Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar.

2.3.1 Samarbeid kyrkjelyd og misjon blir styrkt

Indikator: Kvalitativ vurdering

Viktige tiltak:

- a. Auke talet på misjonsavtalar
- b. Tilby prostivise kurs med fokus på misjon i kyrkjelydsarbeidet
- c. Revisjon av SMM-avtalen

Gjennom 2022 har det regionale SMM-utvalet gjennomført tre møte. Utvalet er samansett av representantar for fem av SMM-organisasjonane, ein representant frå bispedømmerådet og rådgjevar for misjon og kyrkjefag. Utvalet er ein viktig arena for erfaringsutveksling og relasjonsbygging mellom kyrkja og organisasjonane. Den regionale SMM-avtalen vart revidert og vedteke dette året. Der vert Møre bispedømme sitt fokus på misjon vidareført. Rådgjevar for misjon og kyrkjefag har fagområdet misjon i sin portefølje, og dette vil også for framtida vere eit viktig fokusområde i Møre bispedømme.

Det er ei målsetjing at alle sokn i Møre bispedømme skal ha minst ein misjonsavtale. Kyrkjelydane si eiga rapportering syner at det i Møre er inngått 84 misjonsavtalar fordelt på 74 sokn. Dette viser at 78% av sokna har minst ein misjonsavtale, ein mindre auke på 4% frå 2021. Gjennom året har det i SMM-utvalet vore drøfta korleis dette kan aukast ytterlegare. Dette kan skje både ved at ein kjem i kontakt med sokn utan misjonsavtale, samt at fleire sokn inngår avtale med fleire organisasjonar.

Det vart ikkje gjennomført prostivise kurs med fokus på misjon i kyrkjelydsarbeidet, men 27 sokn deltok i misjonsaksjonen "Saman som kyrkje i heile verda", noko som viser eit viktig lokalt engasjement for eigen misjonsavtale i mange sokn. Tre sokn gjennomførte også ein konfirmantlaurdag med misjon som tema.

2.3.2 Den norske kyrkja gjer synleg tilhøyrsla til den verdsvide kyrkja

Viktige tiltak:

- Stimulere til lokalt økumenisk samarbeid i tråd med KV sine mål.
- Stimulere til bruk av ressursar frå den verdsvide kyrkja

- Utvikle samarbeidet med venskapsbispedøma, særleg med tanke på bønkalender.

Vurdering:

Det lokale økumeniske arbeidet har ofte kome til uttrykk gjennom økumeniske gudstenester. Dette fall dramatisk under pandemien, og er ikkje tilbake på tidlegare nivå. I 2022 vart det gjennomført 12 økumeniske gudstenester, mot 23 i 2019. Her vart det rapportert frå nokre sokn at også teologisk usemje utfordrar samarbeidet. Norges Kristne råd har i dokumentet "Kirkene saman – i enhet og ulikhet" utfordra til å samarbeide om diakonale tiltak i lokalsamfunna, då det i mindre grad vart råka av teologisk usemje.

Krigsutbrotet på europeisk jord har synleggjort verdien av vennskap over landegrensar og mellom kyrkjer. For Møre bispedøme kom krisa nær gjennom vårt venskapsbispedøme i Ungarn. Dei deler grense med Ukraina, og var tidleg i gang med hjelpearbeid på begge sider av grensa. Etter initiativ frå ein av prestane i Møre vart det utfordra til å gje eit takkoffer til dette arbeidet. Mange kyrkjelydar melde si interesse for det. Bispedømerådet gav også 300.000 kr av sitt mindreforbruk til formålet. I ettertid har rådgjevar ved bispekontoret i Ungarn gjeve ei utgreiing for Møre bispedømeråd og seinare under prestekonventet for korleis pengane vart nytta. Det vart tidleg synleg at Ungarn har eit mykje mindre offentleg apparat for å ta imot flykningar, og at kyrkjene og andre frivillige spelte ei sentral rolle i flykningarbeidet. Gåvene frå Møre kom derfor svært godt til nytte.

Til prestekonventet i oktober fekk vi besøk av ei gruppe på ni frå venskapsbispedømet i Ungarn. Dei bidrog aktivt undervegs, både i bøn- og gudstenestelivet, samt med ein presentasjon av flykningarbeidet. I forlenginga av prestekonventet reiste deler av gruppa vidare til Volda og Molde, og vitja kyrkjelydane der. Sommaren 2022 var ei gruppe prestar frå Møre på besøk i vårt venskapsbispedøme i Newcastle. Dette er viktig relasjonsbygging som er med å synleggjere vår tilhørsle til den verdsvide kyrkja. På tvers av landegrensene møter ein kvarandre med stor velvilje, på trass av at ein kan stå langt frå kvarandre teologisk

Gjennom heile 2022 har det vore arbeidd med å innarbeide bønkalenderar for Ungarn og Newcastle i bispedømet. Saman med forbøn for eige misjonsprosjekt er dette ein god måte å synleggjere tilhørsle til den verdsvide kyrkja i gudstenestene i bispedømet. I kalenderen for Møre/Ungarn vart det også lagt opp til at ein kan vidareformidle særskilte bønneemne mellom kyrkjelydar, administrert av ein kontaktperson i kvart bispedøme. Dette aktualiserer bønnebrua ytterlegare. I samband med krigsutbrotet vart det sendt ut ei oppfordring om å be for Ukraina, og det vart også utfordra til å nytte NS13 976.4 Kyrie frå Ukraina i gudstenestene. Hausten 2022 vart Biskop Ingeborg Midttømme valt inn i Eksekutivkomiteen i Kyrkjeverdsrådet. Dette vervet har ho dei komande åtte åra. Gjennom dette vervet knyter biskopen viktige kontaktar, og haustar erfaringar som bringer den verdsvide kyrkja nærare.

2.3.3 Barne- og ungdomsorganisasjonane deltek inn i kyrkjelydane

Indikator: Kvalitativ rapportering

Viktige tiltak:

- Barne- og ungdomsorganisasjonane deltek inn i kyrkjelydane sitt arbeid særskilt på tre punkt:

- 1 Faste aktivitetar for barn og ungdom
- 2 Trusopplæring/konfirmantarbeid
- 3 Ungdomar si deltaking i kyrkjelyden sitt liv og i demokratiske organ

-Kyrkjelydane har fleire gode hjelparar i arbeidet med å nå ut til dei unge. Frivillige organisasjonar stiller gjerne opp i både kyrkjelydsarbeid og på studiestader, jf. studentprestetenesta.

Vurdering:

I samarbeidsforumet "Kirkens unge" møttest dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonar til samtale og samarbeid. Plattformen for "Kirkens unge" har hatt to digitale møte i 2022. Dette er

ein god arena for å dele erfaringar, bygge relasjonar og saman støtte opp om arbeidet kring ungdomsgruppa.

“Follow Me” er ein organisasjon som er kopla til NMSU, og som støttar ungdomsarbeidet og ungdomsleiarar ved å tilby personleg oppfølging og felles møtepunkt på tvers av sokn. “Follow Me” sitt arbeid blir meir og meir aktuelt og populært i kyrkjelydane. Ei ressursgruppe, beståande av repr frå NMSu og bispedømmet har arbeid med å vurdere Follow Me-konseptet som aktuelt satsingsområde og laga rapport med konkret tilråding for korleis ein kan utvikle dette arbeidet i bispedømmet. 2023 blir året då rapporten skal materialiserast, og bispedømmet håper på at Follow Me-nettverk kan realiserast og skape ny giv i ungdomsdemokrati og i kyrkjelege arbeidet for dei litt eldre ungdommane. Vi ser ut frå statistikken at det må takast tak i denne aldersgruppa og få dei meir aktivt inkludert i Den Norske Kyrkja.

HOVUDMÅL 3: Kyrkja er meir for fleire

Strategisk mål 3.1 Gir tilhøyrslø og skapar gode møteplassar for fellesskap, fysisk og digitalt

3.1.1 Kyrkja sitt digitale nærvær aukar

Indikator: Kvalitativ vurdering

Viktige tiltak:

- Implementere kommunikasjonsstrategi med tilhøyrande medieplan
- Oppgradere kompetanse og ferdigheiter i bruk av digitale vertøy
- Styrke lokal kompetanse om å vere kyrkje på nett
- Styrke lokal kompetanse for mediekontakt
- Inspirere til auka bruk av ressursbanken
- Satsing på SoMe for å nå ut til yngre målgrupper

Vurdering:

Det har i 2022 vore ei større satsing på meir jamn tilførsel av nytt innhald/oppdateringar på heimeside, Facebook og Instagram. Møre bispedøme har dei siste åra satsa i all hovudsak på Facebook som sosiale-medium-kanal. Gjennom kanalen blir det delt informasjon og nyheiter, både frå bispedømet sine eiga verksemd og frå aktiviteten i kyrkjelydane. På den måten fungerer Facebook-sidene også som eit nav for eksponering av aktiviteten i bispedømet.

Møre bispedøme har sett eit positivt oppsving i talet på følgjarar og “likes” på sin Facebookside dei par siste åra. Det er også naturleg, når aktiviteten på sida har auka. I løpet av 2021 kom talet på følgjarar opp i 485, og i februar 2022 var talet på 596. Ved årsslutt i 2022 hadde bispedømet sin side 647 følgjarar. Sjølv om dette framleis er eit relativt lågt tal, viser tidlegare statistikk og underlagsmateriale at kanalen fungerer både som ein nyheitsformidlar og som ein dørøpnar inn til bispedømet sine nettsider.

Gjennom Meta Business Suite får ein eit detaljert innblikk i tala til Møre bispedøme sine kanalar på Facebook og Instagram. Mellom anna kan ein sjå kor mange som trykkjer “like” eller “follow”, og ein kan også sjå når folk trykkjer “unfollow”, altså vel aktivt å slutte å følge kanalen. I desember var aktiviteten på Facebooksida høgare enn nokon gong, med innlegg kvar dag i serien “Adventskalender frå Møre”. Det førte naturleg nok til fleire “likes”, views og reachs enn vanleg denne månaden. Men det førte også til at desember var månaden med flest utmeldingar/unfollows.

Ei betraktning her er at sannsynlegvis melder fleire i *den gule målgruppa* seg ut når aktiviteten aukar, sidan vedkomande då får fleire notifikasjonar på sin telefon, notifikasjonar vedkomande kanskje ikkje er veldig interessert i. Men auken i bispedømet sine digitale reach, altså kor mange postane når ut til, veg opp for dette

Ser ein på reach, etter dette kalla "rekkevidde", var dette talet 14.154 i 2022. Det vil seie postane nådde ut til totalt 14.154 Facebookbrukarar. Dette er ein nedgang på dryge 50% frå 2021. Årsaka til det høge talet på rekkevidda i 2021, er at det i dette året vart brukt Facebookverktøyet "boost", altså betalt spreiding av ein post, også kjend som betalt marknadsføring. Berre to postar var boosta (to jobbannonse) og desse to resulterte i ei rekkevidde på over 20.000. Utan desse to postane ser ein at den totale rekkevidda for 2022 var markant høgare enn året før. Difor vil det vere naturleg å vurdere å betale for "boosting" av fleire postar i framtida.

Ein ser også at postar med fleire bilete generelt sett får fleire reaksjonar enn postar med berre eitt bilete, og det er noko vi må ha i bakhovudet framover. Eit anna tiltak kan vere å gå inn og sjå kven som har reagert på innlegga på SoME, sjå kven av dei som ikkje følgjer våre kanalar, og så invitere desse inn.

Å nå ut til folk under 40 år på Facebook er generelt ei utfordring. Unge har etablert seg i andre sosiale media, som TikTok, Snapchat og Instagram. Kontoar på Snapchat, TikTok og liknande må vurderast på sikt, samstundes må det etiske perspektivet også vurderast.

Møre bispedøme har hatt Instagramkonto i nokre år, og i 2022 vart også denne tatt i bruk i større grad. Mellom anna vart den tidlegare nemnde adventskalenderen også publisert på Instagram. Den auka aktiviteten førte til ei nøyaktig 100% auke i rekkevidda til bispedømet sin Instagramkonto, samanlikna med året før. Kontoen fekk 24 nye følgjarar netto. Det er enno små tall, men absolutt noko å byggje vidare på.

Tal frå Infomedia viser at tema knytte til «Møre bispedøme» fekk 2459 treff i norske media i 2022. Slike tal kan vere tilfeldige, alt etter kva sakar media fokuserer på til ei kvar tid. Dei dominerande mediekanalane i 2022 var trykte artiklar (50%) følgt av nettartiklar (42%) og radio (3%). Dei største kjeldene er regionsavisene Tidens Krav (242 omtalar), Sunnmørsposten (192 omtalar) og Romsdals Budstikke (163 omtalar). Også NRK og ulike lokalaviser, i tillegg til Vårt Land, har over 100 omtalar med tema knytte til Møre bispedøme.

Også frå sentralt hald blir det satsa på digital samhandling, med mellom nytt intranett (for internt bruk) og skjerikyrkja.no. Det nye intranettet har stort potensiale for forsterka samhandling mellom tilsette i bispedømet. Ei utfordring er at ein må ha kyrkja.no-brukar for å nytte seg av intranettet. I Møre er det svært få som er på den løysninga. Til dømes er det berre tre-fire fellesråd der tilsette brukar @kyrkja.no som primær mailadresse/pålogging. Der har vi tru på at det kjem ei sterkare satsing sentralt som bidrag til at vi kan auke motivasjonen for å få flest mogleg over på @kyrkja.no.

3.1.2 Universell utforming av og i blir styrkt i kyrkja

Indikator: Kvalitativ vurdering

Viktige tiltak:

- Inspirere til systematisk arbeid med likeverd, integrering og tilrettelegging i kyrkjelydane, t.d. gjennom HEL-grupper
- Arbeide for barrierefritt tilgjenge i alle i kyrkjene i Møre
- Sikre at kyrkja sin kommunikasjon ikkje har tekniske/praktiske hindringar for ulike målgrupper

Vurdering:

Kyrkja i Møre skal vere ei kyrkje for alle og tilrettelagt for alle. Vi vil støtte opp under realiseringa av FN's berekraftsmål, innfri likestillings- og diskrimineringslova og bidra til auka likestilling og deltaking av menneske med funksjonshemmingar. Det er ei aukande erkjenning i kyrkja i Møre om at universell utforming (UU) inneber at alle menneske skal kunne delta i alle kyrkjelege samanhengar og aktivitetar uavhengig av føresetnader og funksjonsevne. Universell utforming rører ved tematikk kring likeverd, inkludering, tilrettelegging. Det handlar ikkje berre om

barrierefrie omgjevnader, men også om verdsetting av menneskeleg mangfald og god organisering av aktivitetar.

Universell utforming er gjennom 2022 tematisert i Møre bispedøme, og rådgivar ungdom/integrering/frivilligheit har dette området i sin portefølje (jf. 3.1.3 LIM-arbeid og HEL-tilbod)

Det er vanskeleg å gje eit tal på kor mange kyrkjelydar og kyrkjer i Møre som arbeider strategisk og systematisk med tema UU for si verksemd, men vi opplever at det er bevisstheit rundt dette.

- I 2022 ser vi ein markant auke av kyrkjelydar som har tiltak i samband med integreringsarbeid, jf. Pkt. 3.2.3
- Nokre kyrkjelydar i Møre arbeider systematisk med inkluderingsarbeid gjennom eigne HEL-grupper
- Tilsatte med ulike funksjonshemmingar arbeider i kyrkjelydane i Møre. Desse er ressurspersonar i kyrkjelyden, døropnarar for menneske med tilsvarende utfordringar og bidrar til å auke bevisstheita hos alle kring tematikken.
- I kommunikasjonsarbeidet søkjer vi å vere bevisste på mangfald. For Møre bispedømeråd, og dei sokna og fellestråda som nyttar Den norske kyrkja si nettløysing, er UU integrert i funksjon og innhald.
- I 2022 har det i samband med prestekonvent i Møre vore merksemd på styrking av retten til religionspraksis.

For kyrkjebygga er det eit vedvarande viktig tiltak å gjere kyrkjene fysisk tilgjengelege og tilpassa bruk for flest mogeleg. Like eins er det ei målsetting at alle kyrkjelydshus og alle kyrkjekontor har UU-standard. Dette blir det arbeidd med i mange sokn. Ved mange kyrkjer og kyrkjelydshus er det over år gjennomført tiltak for å auke UU-faktoren. Likevel kan det i eit kort perspektiv vere utfordrande å realisere fullt ut fysiske tiltak knytt til UU, ettersom dei 120 kyrkjene i Møre høyrer til i eit vidt tidsspenn med skiftande arkitektur, planløysingar og tilgjenge. Mange kyrkjer er dessutan underlagte eit vern, som kan gjere det teknisk og økonomisk utfordrande å etablere gode UU-løysingar samtidig som ein skal ta i vare kulturminnet. I kyrkjene i bispedømet blir det kvar dag arbeidd med å finne kvalitative løysingar for dette. Organisasjonar som representerer menneske med ulike funksjonshemmingar blir trekt inn som høyringspartar i samband med UU-tiltak i kyrkjene. Som sentral økonomisk bidragsytar for kyrkjebygg, og nokre gonger tilretteleggjar av kyrkjekontor, er kommunen ein sentral medspelar for å få verkeleggjort målsettingane.

3.1.3 Folkekyrkja tilbyr ulike møteplassar og fellesskap

Indikator: Kvalitativ vurdering – gode historier

Viktige tiltak:

- Medie- og kommunikasjonsstrategiar for deling av informasjon
- www.skjerikirken.no
- LIM arbeid og HEL-tilbod

Vurdering:

Behovet for møteplassar har endra seg etter pandemien. Einsemd og utanforskap har blitt meir krevjande for mange i samfunnet. Kyrkja er open for alle, og i 2022 ser vi at kyrkja er meir for fleire, både ved fysiske og digitale møte.

Kyrkjelydane har fokus på å vere nytenkjande, samstundes som dei tar vare på tradisjonane og høgtidene. Å opne for alle gir utfordringar. Det fysiske rommet som kyrkja har, kan samstundes by på utfordringar for svaksynte, rullestolbrukarar, barnevogner m.m.

I bispedømmet kan ein sjå eit tilbod dei fleste plassar der alle grupper kan delta, til dømes utegudstenester, salmesong, babysong eller klubbkveld. Det er variasjon i tilbodet i dei ulike kyrkjelydane, men dei fleste har eit tilbod som alle kan delta på. For å ta i vare oppslutninga kring tiltaka i kyrkja bør desse tilboda bli oppretthaldne og styrkt. Dei er ein viktig sosial arena for mange, og førebyggjer sosial utestenging, psykisk og fysisk uhelse.

Strategisk mål 3.2 Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på

3.2.1 Ungdomsarbeidet blir styrkt og kyrkja er til stades på utdanningsinstitusjonar og i forsvaret

Indikator: Tal deltakarar på tilbod for 13-17 år, tal deltakarar tilbod 18-30 år

Viktige tiltak:

- Informasjon på ungdommens opphaldsplassar
- Deltaking og synlegheit i sosiale medium er viktig for å gjere ungdommane klare over dei ulike tilboda som finst
- Invitere til fellesskap
- Ta ungdommane sitt engasjement og bekymring for klima på alvor.
 - Oppfordre til samskaping i kyrkjelydane, frivillige og lokalsamfunn
 - Inviterande og positivitet
 - Kyrkja skaper rom for fleire

Tabell 2.3.3.1: Tilbod til unge vaksne 18-30 år, enkelttiltak og kontinuerlege

Antall kontinuerlig tilbod for 18-30 år					Antall enkelttiltak for 18-30 år					Antall leiakurs for 18-30 år				
2019	2020	2021	2022	Endring %	2019	2020	2021	2022	Endring %	2019	2020	2021	2022	Endring %
7	10	6	7	17 %	14	12	5	15	200 %	4	0	4	3	-25 %

Vurdering:

Det er 204 deltakarar i aldersgruppa 13-17 år, mot 202 i 2021. I aldersgruppa 18-30 er det 88 deltakarar, mot 109 i 2021. Målsettinga som det har vore jobba for er delvis nådd. Ved utgangen av 2022 ser ein at det er for få tilbod og for låg oppslutning. Med bakgrunn i dei innrapporterte tala er det vanskeleg å sjå at kyrkja står fram som ein relevant stad med plass for dei unge.

Møre bispedømeråd har oppretta og tilsett studentprest ved alle dei fire høgskulesentra i Møre bispedømme. Høgskulen i Volda (50%), Høgskulen i Ålesund (50%) og samarbeid mellom Høgskulen i Molde og Høgskulesenteret i Kristiansund (50%). Vi har tru på at eit kyrkjeleg nærvær vil skape serkare relasjon mellom kyrkja, høgskulane og den enkelte student.

3.2.2 Kyrkja si rolle i sivilsamfunnet blir styrkt

Indikator: Deltaking i kommunale kriseteam, deltaking i fylkesberedskapsråd, kvalitativ vurdering

Viktige tiltak:

- Oppfølging av krise- og beredskapsplanen
- Regionale beredskapsdagar
- Sorgmånaden oktober 2022

Vurdering:

Det generelle inntrykket er at dei kommunale kriseteama har god dialog med kyrkja. Prest eller diakon er ofte fast medlem i kriseteam, og dialogen med nødetatar er opplevd som god. Biskopen har fast plass i fylkesberedskapsrådet. Per 2022 har Møre tre feltprestar i Heimevernet som jamt deltek på øvingar i Møre og Fjordane Heimevernsdistrikt 11.

Våren 2022 blei det arrangert regionale beredskapskurs for prestar, med fokus på undervisning, samtale og erfaringsdeling. Kurset blei utforma på bakgrunn av ei avviksmelding som avdekket usikkerheit knytt til å gå dødsbod. Kursa hadde svært god oppslutning.

Krise- og beredskapsplanen for bispedømmet blei sist revidert i 2018. Slik planen er i dag tek den ikkje høgde for dei krisene som har komme så tett på oss dei siste åra - pandemi, krig i Europa og mat- og straumkrise. Vi ser at planen er utdatert og treng ein revisjon snarast.

Sorgarbeid står sentralt i kyrkjelydsarbeidet, særleg for prestar og diakonar. Sokna har gode rutinar for oppfølging av sørgande etter dødsfall. Likevel strever mange med å få til eit godt kontinuerleg arbeid med sorggrupper. Dette er spesielt eit problem på mindre stader, der deltakinga er for låg til at det er mogleg å gjennomføre. Det er sannsynleg at målgruppa opplever det for nært og gjennomsiktig å delta i sorggruppe i lokalkyrkja. Nokre stader greier ein å løyse dette ved at fleire sokn går saman om å tilby sorggruppe. Utfordringar med sorggrupper er eit landsdekkande problem, og samstundes uttrykker diakonane i bispedømmet eit ønske om å få møte og følgje opp sørgande i større grad. Med dette som bakgrunn, i tillegg til eit ønske om å bidra til openheit om sorg, sette bispedømmet ekstra fokus på sorg i oktober 2022. Kyrkjelydar i heile bispedømmet hadde ulike arrangement med sorg som tema, og hadde moglegheit til å søke vekstmidlar til dette. Å møte menneske i sorg var tema for fagsamling i diakoni i forkant av denne månaden.

3.2.3 Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg

Indikator: kvalitativ vurdering

Viktige tiltak:

- Vekstmidlar til integreringstiltak

Tabell 3.2.3.1 Tiltak integreringsarbeid

Bispedømme	Tiltak i samband med integreringsarbeid			
	2020	2021	2022	Endring %
MØRE	11	15	32	127%

I 2022 ser vi ein markant auke av kyrkjelydar som har tiltak i samband med integreringsarbeid. Flyktningar frå Ukraina utfordra lokalsamfunn til å tenkje nytt om integrering, og mange kyrkjelydar har teke del i dette arbeidet. Ein ser også at dette er eit arbeid der ein gjerne samarbeider med nabokyrkjelydar, då 19 sokn rapporterer at ein samhandlar med andre om dette.

Arbeid i høve flyktningstraumen frå Ukraina vart tatt inn som eit eige punkt i bispedømmet si vekstmiddelordning (sjå punkt 3.2.4), det har vorte gitt tilskot til ulike tiltak på dette området.

Gjennom året har det vorte lagt til rette for middagsfellesskap, språkkaféar, påskeverkstad for born og gudstenester med kyrkjekaffi.

3.2.4 Kyrkja bidrar til nyskaping og innovasjon

Viktige tiltak:

- Vekstmidlar

Vekstmidlar er ei tilskotsordning som bispedømmerådet etablerte i 2021 for å stimulere til gjenopning av aktivitetar i kyrkjelydane etter pandemien. Ordninga er finansiert av bispedømmet sine interne avsetjingar og av OVF-tilskot. I 2022 delte Møre bispedømme ut nærare 2,1 millionar kroner gjennom tilskotsordninga, fordelt på 87 ulike prosjekt. Nokre av prosjekta var nyskapinge, andre tildelingar gav økonomisk tryggleik til gjennomføring av arrangement i ein gjenopningsfase etter pandemien. Lista over tildelingar viser stor breidde, og har gitt både store og mindre kyrkjelydar moglegheit til å utvikle nye aktivitetar og samlingsformer. Tilskota blei gitt til prosjekt som realiserte satsingar og prioriteringar i bispedømmet sine strategiar og planverk. Vekstmiddelordninga har blitt svært godt motteken i kyrkjelydane. Ordninga er vedtatt vidareført i 2023, med nokre endringar. Mellom anna vil ikkje OVF-tilskotet lenger vere ein del av finansieringa av ordninga.

Strategisk mål 3.3 Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena.

3.3.1 Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobben og har eit inkluderande og likestilt arbeidsfellesskap

Indikator: Sjukefråvær (rapporter i del IV), tal kyrkjelydar med HELT MED-tilsette eller liknande (attføringsbedrifter)

Viktige tiltak:

- Tiltaksplan for å betre kvinnelege prestar sitt arbeidsmiljø, innført hausten 2022.
- LIM Plan med risikovurdering vil kome våren 2023

Å jobbe med betring av arbeidsmiljøet er i følgje STAMI ei "lågt hengjande frukt" for å få ned sjukefråværet og hindre fråfall. Dette vil vi fortsette å ha sterkt fokus på i 2023. Her har vi også godt samarbeid med vernetenesta og den enkelte prost. Vi har 4 møte i RAMU årleg, og vi har ein HMS-plan som vi følgjer opp og evaluerer.

Vi vil framover i sterkare grad fokusere på betring av arbeidsmiljøet generelt og kvinners arbeidsmiljø spesielt. Vi ser av risikovurderinga vår at teologisk usemje, meiningsmangfald og yringskultur er vurdert som nokre av dei områda det trengst arbeidsmiljøtiltak. Dette har vi også erfart i 2022, og vil jobbe spesielt med dette vidare framover. Vi ser også at arbeid innan LIM-feltet er strategisk viktig, då dette påverkar både rekruttering (både auka medlemstal og til stillingar i DnK), og styrkjer kjensla av eigarskap og medverknad, samt påverkar omdømet. Vi er i gang med arbeidet med eigen lokal plan for LIM samt gjennomføring av lokale LHBT+ kurs.

3.3.2 Fleire blir engasjert til frivillig teneste i kyrkja

Indikator: Tal frivillige (splitta på i kva samanhengar), kvalitativ vurdering – gode historier

Viktige tiltak:

Vekstmiddel til frivilligfestar gjennom 2022

Tabell 3.3.2.1: Tal frivillige

	2020	2021	2022	Prosentvis endring
Totalt tal frivillige	4868	4933	5555	13%
Frivillige i gudstenestefeiringa	2273	2401	2525	5%
Frivillige i kyrkjelydens barne-arbeid	791	743	775	4%
Frivillige i kyrkjelydens ungd.-arbeid	947	797	937	18%
Frivillige i kyrkjelydens diakonale arbeid	813	875	957	9%
Frivillige i kyrkjelydens kunst- og kulturarbeid	874	1054	1054	0%
Frivillige i kyrkjelydens komité-og utvalsarbeid	1281	1182	1156	-2%
Frivillige i anna arbeid	707	588	783	33%

Vurdering av måloppnåing:

Det er gledeleg at tal på frivillige har auka, og nærmar seg der ein var før pandemien. I 2019 var totalt tal på frivillige på 6354. Det er difor viktig at ein framleis har eit ekstra fokus på dette området. Bispedømet har gjennom vekstmiddelordninga i 2021 og 2022 stimulert kyrkjelydane sin kontakt med dei frivillige ved å gi tilskot til prosjekt som har skapt arenaer for frivillige, og som har skapt tilbod og aktivitet i kyrkjelydane. Vi trur at desse tilskota har vore viktige for å få engasjert og aktivisert kyrkjelyden sine frivillige.

3.3.3 Kyrkja sine verktøy for digital samhandling blir nytta

Indikator: Tal kyrkjelydar som brukar Skjer i kyrkja

Viktige tiltak:

- Informasjon om digitale verktøy
- Motivere for å ta i bruk digitale fellesløysingar

Det er ni fellesråd/sokneråd som brukar *Skjer i kyrkja*, i tillegg til eit prosti som brukar det og 70 sokn. Møre er dermed litt over snittet når det gjeld tal på brukarar.

Talet på publiserte arrangement på *Skjer i kyrkja* for Møre sin del, er totalt 2255 (sjå tabell nedanfor). Det plasserer Møre tredje nedst på lista over kor mange arrangement som blir publisert.

Bruk av dei mange lokalavisene står framleis sterkt i kyrkja i Møre. Bispedømekontoret har fortalt, vist til og underretta om *Skjer i kyrkja* gjennom fleire instansar. Det har blitt sendt ut e-post til kyrkjevevjer, prestar og prostar om ulike kampanjar på *Skjer i kyrkja*. Bruken har blitt tatt opp og forklart om i prostidagar rundt om i bispedømet. Slike drypp av oppmodingar vil halde fram.

Vi erfarer at dei lokale fellesråda er i sterk relasjon til kommunane i høve til digitale løysingar. Dei kyrkjelege fellesløysingane er det vanskeleg å motivere for. Det blir vist til kostnader og lokal oppfølging. I det vidare vil vi fokusere på krav til informasjonssikring og personvern – og at dei kyrkjelege løysingane kommer desse krava til møtes.

C) BISKOPEN SIN VERKSEMD

Visitasarbeidet

Gjennomføring av visitasar kom noko på etterskot gjennom pandemien. Biskopen prioriterer arbeidet med å sjå kyrkjelydane. Trass i ein del utfordringar, ikkje minst i kyrkjelydane der det var lyst til visitas, blei det gjennomført 6 visitasar. I Helseføretaket (veke 10), Geiranger/Synnylven (Veke 13), Kristiansund veke (veke 19), Surnadal (veke 43), Vanylven (veke 45) og Norddal (veke 49)

Innhald på visitasane i Møre er omfattande. Visitasdagane krev mykje av kyrkjelydane og av alle som er involverte i planlegging og gjennomføring.

Prostemøte og kontakt med prostane

Biskopen hadde mange gode møte med prostegruppa gjennom året. I tillegg til dei fysiske samlingane (8 stk), fleire med overnatting, hadde biskopen fleire Teams-møte med prostane, der viktige og uoppsetjelege saker måtte samtalast og informerast om. Biskopen prioriterer kontakt med den enkelte prost, og er til stades for dei når noko står på.

Ordinasjon, vigsling og tilsynsbesøk

Biskopen prioriterer deltaking ved ordinasjonar og vigslingar. Fire blei ordinerte til presteteneste gjennom året, og biskopen tok del ved alle desse, alle fire PUU-prestar. I tillegg var det 2 diakonvigslingar, den eine blei leia av fungerande biskop. Biskopen tok også del på fagdagar/tilsynsbesøk for kyrkjemusikarar/kantorar og diakonar, og ho hadde ei sentral rolle i gjennomføringa av prestekonventet i Kristiansund.

Jubileumsfeiringar

Biskopen tok også del ved to kyrkjejubileum gjennom året, i Vestnes (sept) og i Rovde (i nov). Begge kyrkjene var 150 år.

Samfunnsengasjement/Samfunnsansvar

Ein sveip gjennom biskopen sin kalender viser eit stort engasjement. I tillegg til dei plikter som ligg til stillinga, og oppgåver knytte til kyrkjelege verv, så ser vi stort engasjement i Moldejazz og under Bjørnsonfestivalen. Biskopen hadde også oppdrag knytt til Festspillene i Kristiansund og til Kystpilegrimsleia. I tillegg var biskopen til stades saman med preses under opninga av det store og mykje omtalte vegprosjektet «Nordøyvegen».

Andre tilsynsoppgåver

Biskopen har som godkjenningsorgan for kyrkjebyggsaker i løpet av 2022 behandla ca. 60 søknader knytte til endringar i og på kyrkje, kyrkjeleg inventar og utstyr samt liturgiske tekstil.

Alle søknader blir behandla etter Kyrkjeordninga, med tilgrensande forskrifter, som frå årsskiftet 2020/2021 vart det formelle grunnlaget for forvaltninga. Gjennom desse ordningane er biskopens breie og heilskaplege faglege ansvar på kyrkjebyggfeltet vidareført og styrkt.

Mellom dei 120 kyrkjene i Møre er det ti totalfreda kyrkjer. Om lag halvparten av kyrkjene er listeførte av Riksantikvaren som særleg verdifulle i eit kulturvernperspektiv. Gjennom arbeidsåret representerer dette ei kompleks forvaltning, som inkluderer saksbehandling, synfaringar, rådgiving og dialog med mange interessepartar.

Biskopen ser at fagfeltet krev eit tett samarbeid med kyrkjerådet, sokneråd/fellesråd, kommunar og nasjonalt og regionalt vernemynde, for å tryggje og utvikle kyrkjebyggforvaltninga.

Planlegginga at det omfattande nasjonale bevaringsprogrammet for kyrkjebygg har gjennom 2022 involvert bispedømmet i fleire høyringssaker, drøftingar og samrådsmøte. Departementet skal våren 2023 legge fram ei handlingsplan for storsatsinga.

Handsaming av dispensasjonssøknader om ordning for hovudgudsteneste ligg også til biskopen. Sjølv om domprosten som fung. biskop leia dette arbeidet, var det eit omfattande arbeid og ein omfattande kommunikasjon som låg bak handteringa av dei ulike søknadane.

Vennskapsarbeidet

Møre bispedømme har stor glede av vennskapsarbeidet med bispedømmer i Ungarn og England. Biskopen er engasjert i dette arbeidet og bispedømmet og biskopen var vertskap for ein delegasjon på 9 personar frå Nordre bispedømme i Ungarn som tok del på prestekonvent og som besøkte to av prostia. Bispedømmerådet engasjerte seg i vennskapsarbeidet gjennom å kanalisere økonomisk hjelp til flyktningstraumen frå krigen Ukraina ved å gi støtte til bispedømmet sitt flyktningarbeid.

Kyrkjelege verv

Biskop Ingeborg er varapreses. Vi ser at vervet forpliktar til deltaking på nasjonal arena. Biskopen er i aukande grad biskop utanfor bispedømmet, med representasjonsoppgåver i mange samanhengar. Hennar økumeniske engasjement, gjorde at ho blant to blei vald til å representere Den norske kyrkja i Kirkenes Verdensråd, der ho og blei vald inn i eksekutivkomiteen (styret). I tillegg har biskopen mellom anna verv på nasjonalt nivå i organisasjonen Stefanusalliansen, noko som også fører til kyrkjeleg innsats utanfor bispedømmet sine grenser.

Domprosten som fungerande biskop

Ved biskop sine ulike fråvær som til dømes økumenisk arbeid, studiepermisjon, ferie og ein planlagt operasjon har domprosten vore fungerande biskop. Han har gått inn i alle oppgåver utanom vigsling til presteneste. Domprosten er og ein del av leiargruppa på bispedømmekontoret.

DEL 4 – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

A) HMS/Arbeidsmiljø

Sjukefråvær

Indikator: Sjukefråvær, tal varsel

Tabell 4.1 **Sjukevråver**

Prestar	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
<i>Møre Menn</i>	5,3	0,6	0,8	0,6	3,4
<i>Møre kvinner</i>	10,0	0,5	0,9	2,3	6,3
<i>Totalt prestar i Møre</i>	6,7	0,5	0,8	1,1	4,2
<i>Den norske kyrkja</i>	7,4	0,6	1,3	0,8	4,7
Fråver totalt	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
<i>Møre Menn</i>	5,4	0,6	0,9	0,7	3,2
<i>Møre kvinner</i>	9,4	0,5	0,7	2,0	6,2
<i>Møre totalt</i>	6,7	0,6	0,9	1,1	4,1
<i>Den norske kyrkja</i>	7,2	0,6	1,3	0,8	4,5

Sjukefråvær og HMS

Vurdering:

Sjukefråværet i Møre er noko lågare enn totale tal nasjonalt. Vi har høgt fokus på sjukefråværestala og bakanforliggjande årsaker, og det er særleg langtidsfråværet vil følgjer med på. Vi ser at kvinner har høgare fråvær enn menn, noko som også er ein nasjonal trend. Noko av det totale sjukefråværet har vi god kontroll på, men vi ser også ein tendens til at noko fråvær er arbeidsrelatert, t.d. som resultat av konflikt og uro på arbeidsplassen. Vi erkjenner at vi somme stader har arbeidsmiljøutfordringar, og desse tek vi tak i for å redusere arbeidsrelatert sjukefråvær.

Vi har også sett inn konkrete tiltak for å betre kvinnelege prestar sitt arbeidsmiljø, t.d. etablert ein eigen tiltaksplan som er godt forankra både lokalt og nasjonalt. At langtidsfråværet har auka kan også skuldast at sjukefråværsoppfølginga kunne vore tettare i nokre tilfelle. Leiarar er gode på generell tilrettelegging, mens det trengs kompetanseheving på dei meir kompliserte oppfølgingsakene. Dette er igangsett, og vi vil jobbe vidare med dette i 2023. Eitt tiltak som vi vil sette i gang med, er å få inn ein avtale om bedriftshelseteneste for alle i bispedømet. Då vil leiarane få eit godt verktøy både for sjukefråværsoppfølging og for arbeid med psykososialt arbeidsmiljø og konflikthandtering.

Sjukefråværet for 2022 i Møre ligg lågare enn kyrkja totalt. Arbeid med å få ned sjukefråværet har uansett høgt fokus.

Tiltak for å redusere sjukefråværet:

- God kontakt og samarbeid med vernetenesta i alle prosti
- Tiltaksplan for å betre kvinners arbeidsmiljø
- Kompetanseheving på sjukefråværsoppfølging
- Avtale om bedriftshelseteneste for alle prestar (kjem).

Å jobbe med betring av arbeidsmiljøet er og i følgje STAMI ei "lågt hengjande frukt" for å få ned sjukefråværet og hindre fråfall. Dette vil vi fortsette å ha sterkt fokus på i 2023.

HMS tiltak som er aktuelle her:

- 4 møte i RAMU årleg, og godt samarbeid med vernetenesta.

- Oppfølging og evaluering av HMS-plan.
- Aktiv bruk av risikovurderingar i forkant av tiltak.
- Styrking av leiarkompetanse.
- Arbeidsmiljø- og dialogarbeid retta mot teologisk usemje og ytringskultur.

Rutinar for intern varsling inkludert kritikkverdige forhold

Varslingskanalen *Mitt varsel* ligg tilgjengeleg på heimesidene, og er eit godt og viktig verktøy for varsling. Vi har fått inn nokre få varsel på denne kanalen i 2022, og desse har vi handsama både i bispedømet og i samarbeid på nasjonalt nivå. Vi ser også at mange sender bekymringsmeldingar per e-post, og desse blir også tekne på alvor og handsama. Vi er glade for at tilsette sender oss slike meldingar, og vi brukar vernetenesta aktivt for å fange opp og førebyggje saker. Vi ønskjer å vere ein lærande organisasjon, og ser at vi også kan forbetre oss på responstid og kommunikasjon på bekymringsmeldingar. Dette vil vi jobbe med framover. Kultur- og haldningsendringar internt i organisasjonen krev trygge og kompetente leiarar, og difor vil vi også styrke leiarkompetansen framover. Både generelt, og spesielt kring tema som haldningar og kultur kring arbeidsmiljø, konflikthandtering og varsling. Dette vil ikkje minst vere viktig når ein skal organisere dei to arbeidsgjevarlinene tettare saman.

Dette kan vi oppnå ved følgjande:

- Informere vidare i organisasjonen om Mitt varsel og korleis varslingsrutinane fungerer.
- Behandle varsel på ein profesjonell måte, og halde tidsfristar.
- Tydeleg kommunikasjon frå leiarar kring haldningar og ønska kultur dersom kritikkverdige forhold oppstår.
- Styrking av leiarkompetanse.

B) Likestilling

Kvinnedel i presteskap og administrasjon

Tabell 4.2 Kvinneandel i presteskapet

31.12.2022	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Møre presteskapet	14,6	41,8	56,4	25,9
Møre administrasjon	6	7	13	46,2

Kvinnedel i leiarstillingar, biskopar og prostar

Tabell 4.3 Kvinneandel i leiarstillingar

Presteskapet	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Møre presteskapet	2	5	7	28,6
Møre administrasjon	1	2	3	33,3

Søknader og tilsettingar av prestar i Møre bispedøme

Tabell 4.4 Kvinnedel – søknader

Møre	2022			2021		
	Antall søknader	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner	Antall søknader	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner
	17	7	41%	22	2	23%

Tabell 4.5 **Kvinneandel - tilsettingar**

Møre	2022			2021		
	Antall tilsettingar	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner	Antall tilsettingar	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner
	10	5	50%	9	3	33 %

Vurdering:

Vi vurderer andel kvinner i presteskabet som lågt, med 25,9%. Om vi hadde rekna med dei som var i ordning med Prest under utdanning (som no er rekna som vikarar) ville andelen kvinner blitt 34%. Det er god balanse mellom kvinner og menn i bispedømeadministrasjonen.

Andelen stillingssøknader frå kvinner er auka til 41% og andelen tilsettingar er auka til 50% i 2022. Vi trur langsiktig fokus på rekruttering og arbeidet for arbeidsmiljø for kvinner i presteteneste har innverknad på resultatet.

Lønsmessig ligg Møre totalt sett godt an, med kvinners lønn som 100,4 av menns lønn. Om rekruttering viser vi elles til Del 3, punkt 1.3.1.

C) Vurdering av risiko for misleghald

Vi vurderer risiko for misleghald som liten.

Denne vurderinga er gjort med bakgrunn i at Møre bispedømeråd følgjer nasjonale rutinar og ordningar:

Dei områda som særleg er omfatta av rutinar er:

- Fullmakter
- Anskaffing av varer og tenester
- Ordning for reise og opphald
- Mottak og handsaming av faktura i elektronisk fakturabehandlingsystem
- Godkjenning for utbetaling
- Lønstrutinar
- Rapportering
- Tilskotsforvaltning

Det er interne rutinar som kan forhindre, under dette oppdage og eventuelt korrigere styringssvikt, feil, manglar og misleghald.

Det ligg til grunn delegering av budsjett disponeringsmynde. Bispedømerådet og biskopen har vedteke delegasjonsreglement. Det ligg også føre delegasjonsreglement og underskriftsfullmakter for administrasjonen.

For 2022 er det berre gjort endringar i rutinar som følgje av nasjonale føringar knytt til rekneskap, budsjett og lønsområdet. Det er som følgje av dette gjort mindre endringar i prosessar for vurdering av risiko og vesentlegheit.

DEL 5 - VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Samanheng mellom framtidsutsikter, strategidokument og satsing/fokus-område

Strategidokumentet til Dnk og Møre bispedømme er likelydande. Dette dokumentet har tre element som identifiserer Møre bispedømme og som fortel korleis bispedømmet ønskjer å stå fram resten av dette tiåret.

Element 1 er visjonsformuleringa: «Meir himmel på jorda». Møre bispedømme støttar heilhjarta formuleringa, og gjennom alt sitt arbeid, regionalt og lokalt, vil bispedømmet realisere visjonen. Det ligg mange gode spor av himmel etter visitasar, møte og på andre arenaer der bispedømmet har vore synleg.

Element 2 i strategidokumentet identifiserer bispedømmet si sjølvforståing, eller seier noko om at kyrkja har lyst til å vere «ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus».

Element 3 identifiserer strategiar. Fokus på strategiar, og vidare fokus på strategiane sine tiltak, slik dei får form i årsplanar, utfordrar å sjå heilskapen. Strategiane lyt alltid vekse fram og ut av at bispedømmet er trygg på eigen kyrkjeleg identitet og sterkt forankra i eiga visjonsformulering.

Når samanhengen mellom dei ulike elementa i strategidokumentet er understreka, er det lettare å vurdere framtidsutsikter. Vi trur at satsings- og fokusområda er viktige indikatorar for framtida sine utfordringar.

Med omsyn til fokusområda «kunst og kultur», «kyrkja som organisasjon», «digitalisering» og «rekruttering» så peikar dei alle på område der bispedømmet brukar ressursar og energi. Vi trur at fokus på desse felte vil skape ny kraft, ny identitet og litt justert retning for Møre bispedømme sin kyrkjebåt.

Satsingsområde

Som ein ledd i bispedømmet si satsing på å bygge fellesskap for barn og unge, har storparten av satsinga konsentrert seg om dei unge over konfirmasjonsalder. Dåpsprosenten i bispedømmet er høg (og potensialet for auke er ikkje stort ved ei auke i talet på dåpsgudstenester, sjå forteljing 2 under).

Satsing på studentpresteteneste har ført til at det no er etablert slik teneste i 50%stillingsressurs både i Volda, Ålesund og Molde/Kristiansund. I tillegg satsar bispedømmet på å bygge nettverk for unge gjennom å innføre FollowMe-konseptet i bispedømmet i sams prosjektsamarbeid med NMSu. FollowMe-konseptet er kjent både i Stavanger, Agder og Hamar bispedømme. Bispedømmet satsar også på jamn og god dialog med dei kyrkjelege barne- og ungdomsorganisasjonane gjennom nettverksmøter med "plattform"-organisasjonane.

Det er tilsett eigen fagrådgivar med arbeidsfelte unge, integrering og frivillige som fagområde. Rådgivaren har fokus på begge satsingsfelte, og er sentral i utvikling av FollowMe, vidareføring av ungdomsdemokrati og i plattformarbeidet. Samstundes har eit nytt fokus på integrering og sams rådgivarfokus på dei ulike integreringsinnstega (universell utforming/innvandring/flyktning), ført til fornya fokus på integreringa sine diakonale dimensjon. Vi er også sikre på at systematisk satsing og utvikling på frivillige blir eit viktig fagfelt i åra som kjem.

I tillegg til arrangement knytt til sorgmånad, trur vi at bispedømmet får nytt fokus på integrering og på diakoni også bidrar til nysatsingar i kyrkjelydane. Fokus på miljø og ny reisepolitikk får betydning for korleis vi møtes og korleis vi reiser. Vi ser også starten på etablering av Kirkens Bymisjon i Kristiansund og trur at andre diakonale innsteg blir viktige når vi skal vurdere framtidsutsikter.

Vi vil i det vidare tematisere nokre områder vi ser som viktige:

Rekruttering

- Til mangfaldet av kyrkjelege arbeidstakargrupper
- Utvikle fleire karriereveggar
- Utvikle ein ny frivilligkultur
- Effektivisere bruk av tilskotsmidlar
- Auka satsing på unge gjennom studentpresteteneste og ungdomsdemokrati

Omdømmebygging

- Auka fokus på SOME
- Meir synleg i samfunnet
- Større fokus på mediehandtering
- Løfte fram fleire gode forteljingar
- Korleis vere kyrkje i eit sekularisert samfunn
- Halde fram med å styrkje kultursatsinga
- Vere relevante der kyrkja er god: diakoni, beredskap, menneskemøte, trusopplæring

Organisasjonsutvikling

- Styrkje den strategiske leiinga av kyrkja
- Styrkje samhandling mellom prost og kyrkjeverje
- Styrke samhandling mellom bispedømeråd, sokneråd og fellestråd
- Utvikle tilbakemeldingskultur
- Vere i framkant av endra økonomiske føresetnader

Rutinar og gode planverktøy

- Ta i bruk «Kyrkja vår»
- Utvikle felles digitale plattformer på alle nivå
- Fokus på informasjonssatsing og utvikle kommunikasjonsstrategiar

Økumenikk

- Utvikle kyrkja som misjonerande og global ved å
 - o styrkje venskapsarbeid
 - o internasjonal diakoni
 - o misjonsengasjement

Vi-kjensle

- Byggje ned avstand mellom kyrkjelyd og bispedøme
- Inspirere kyrkjelydsprosjekt ved vidareføring av vekstmiddel-ordninga
- Løfte fram dei gode forteljingane

Til slutt lar vi to av prostane dele sine framtidsutsikter

Fortelling 1

Den største lekkasjen med omsyn til medlemstap i Den norske kyrkja dei døypte medlemmene som ikkje døyper barna sine.

Eg tenkjer at dette må gripast tak i – både lokalt, i bispedømet og nasjonalt. Eg trur vi treng fleire alternativ til dåpsgudstenester – søndag kl. 11.00, egne dåpsgudstenester gjerne med fleire dåpsbarn, nokre gudstenester på kvardagar – kanskje helst laurdag – med dåp og av og til drop-in-dåp. Babysang må alle kyrkjelydar ha – gjerne i samarbeid med fleire – som i Rauma.

Babysang lagar ei bru vidare før og etter dåp og lagar ei samtale om dåp. Eg har tru på markering av dåpen ikkje lenge etterpå – f.eks. at eitt-dåpsår vert markert med ei gudsteneste der alle dåpsbarn med familie vert inviterte til kyrkja – gjerne gi dei ei gåve frå yrkjelyden. Dette gjorde vi i Innfjorden/Voll i januar 2023 med dåpsbarna frå dette soknet som vart døypte i 2022. Vi gjer dette for å knyte band mellom kyrkjelyd og familie. 4-årsbok, 6-årsbok, Tårnagentar, Lys Vaken er gode byggesteinar. Eg trur vi må arbeide for å kurse barn som får Bibelen. For bibelbruk blir ikkje lært slik skolen gjorde tidlegare.

Arbeidet etter konfirmasjonstida treng å ha mange former: - ungdomskafè/-klubb, leiarkurs, 10.trinn/ungdom som dreg som hjelpeleiarar på til dømes konfirmantleir/bibelgruppe for ungdom, reunion etter 1, 2, 3 år. Mange ungdomar har mykje kunnskap og mykje å bidra med berre dei vert spurte og får eit miljø dei kan vekse i. Kyrkja treng/skal ha fokus på barn og ungdom.

Fortelling 2

Folkekirke på holmer og skjær

Ytre Nordmøre prosti består av kommunene Averøy, Kristiansund, Smøla og Aure kommuner. Med unntak av en liten stripe på fastlandet helt nord i Aure er samtlige steder på øyer. For ikke mange år siden var alt dette fergebasert, og når ferga la stilt så var folket atskilt fra resten av verden. Dette er folkekirka på Ytre Nordmøre. Det gir noen pussige utslag, som at Brattvær kirke på Smøla er ei gigantisk kirke med plass til flere hundre mennesker, men plassert langt ute på et nes rett ved storhavet. Før kom hundrevis av mennesker seilende og roende inn til kirka. I dag bor det ingen ved kirka. Eller at Nordlandet og Kirkelandet kirke er plassert på to øyer midt i Kristiansund med noen meter saltvann mellom seg. Som fremtidsutsikter er disse kirkene kanskje et symbol på noe som folkekirka må se nærmere på.

Skal mange hundre års soknestructur danne basis for fremtidens folkekirke? Eller kan man se for seg at kirkerom kan utvikles til forskjellige type særpreg? En bymisjonskirke f.eks? En barnekirke-kulturkirke- ungdomskirke? Kanskje man skulle utfordre menighetsrådene på å «slippe» sin kirke og frigjøre den til andre typer oppgaver enn gudstjenester noen ganger i semesteret og gravferder ved behov? Hvem gir vi nøklene til – trenger vi i det hele tatt låste kirkedører?

Og i fremtiden – hvem rekrutterer vi? Hvordan utruster vi de som vi ansetter i kirka? Kan hende vi skulle kalt kirkelige medarbeidere gjennom nettverkene våre lokalt og utruste dem etter hvert i tjenesten? Mye av dette gjør vi gjennom PUU-ordningen i dag, men kan vi tenke enda mer radikalt rundt dette?

Hvorfor kaller vi ikke fiskere, lærere, eller arbeidsledige til engasjementer i kirken når vi ser at mange av våre frivillige er dyktige medarbeidere, men at langvarige cand.theol-løp og mastergrader er helt utenfor rekkevidde? Snu problemstillingen; start med kallet og sørg deretter for utrustning.

La mennesker med tilhørighet bli bekreftet av kirken først, og så gi dem det de trenger senere for å bli gode medarbeidere.

Som fremtidsutsikt ser jeg en lys fremtid for Den Norske Kirke, hvis den klarer å balansere de lengslene moderne mennesker har mot sin rike tradisjon og arv.

Da må vi tåle å være mer risikable, satse mer og heller innrømme at ikke alle satsinger når fram. Tåle to steg fram og et tilbake. Være nær i møte med den enkelte. Lete seg fram til gode rammer rundt de døpte som vil høre til. Være åpen og raus og risikovillig. I dette ligger fremtiden.

DEL 6 - ÅRSREKNESKAP

Leiinga sine kommentarar til årsrekneskapan 2022

Innleiing

Møre bispedømeråd er eit folkevalgt organ som blir valgt etter reglar fastsett av Kyrkjemøtet. Bispedømerådet er del av rettssubjektet Den norske kyrkja og dekkjer Møre og Romsdal fylke. Hovudoppgåvene går fram av vedtatt ordning for Den norske kyrkja med heimel i Lov om trdomssamfunn. Øvrig mynde går fram av reglar og delegert mynde frå Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet. Bispedømerådet har viktige oppgåver av forvaltningsmessige karakter knyta til prestetenesta, forvaltning av ulike tilskot og samvirke med sokneråd og fellesråd. Ved utgangen av 2022 var det 83 årsverk høyrande til Møre bispedømeråd, fordelt på 70 årsverk prestestillingar og 13 årsverk administrasjon/rådgjevarstillingar.

Vurdering av vesentlege forhold

I 2022 har Møre bispedømeråd samla disponert kr 114.409.000,- etter tildeling frå Kyrkjerådet. Av dette er 30% eller kr 33.590.000 øyremerka midlar til trusopplæring, diakoni, undervisning og kyrkjemusikk. Midlane er vidareformidla til fellesråd i høve til fastlagde kriterier. Dei øvrige midlane, kr 80.371.000,- er nytta til løn og drift for presteteneste og kyrkjeleg administrasjon.

Tildeling frå Opplysningsvesenets fond på kr 502.000,- er nytta innanfor kriteria til kyrkjelege prosjekt i bispedømet. Desse midlane i tillegg til ubrukte midlar til trusopplæring, diakoni og undervisning til 88 ulike tiltak og aktivitetar etter søknad i dei ulike sokna.

Samla løns- og driftsutgifter var på kr. 81.123.000,-. Dette er kr 694.000,- meir enn tildelinga frå Kyrkjerådet. I høve til budsjett, der det vart lagt inn 1,5 mill. frå tidlegare års overskotet, er det eit mindreforbruk på kr 806.000,-.

Presteskapet: Rekneskapan for prestetenesta er på kr 66.068.000. Det er kr 268.000,- lågare enn budsjettet. Det er eit mindreforbruk på kr 1.018.000 i høve til løn og godtgjerdslar. Driftsutgifter har eit samla meirforbruk på kr 903.000 i høve til budsjett. 566.000 av dette er knytt til meirkostnadar til vikarar og reiseutgifter som er kr 307.000,- høgare enn budsjett. Vi ser ei normalisering av desse kostnadane etter koronasituasjonen.

Administrasjon: Rekneskapan for kyrkjeleg administrasjon var på kr 15.055.000,-. Det er 427.000,- mindre enn budsjett. Løn og godtgjerdslar er kr 615.000,- lågare enn budsjett, som har si årsak i vakansar og permisjonar. Det er og nytta 289.000 mindre enn budsjett for reiser, kurs og andre driftsutgifter. Grunna reduserte bruk av driftsmidlar i administrasjonen, blei det utbetalt kr 545.000,- som tilskot til ulike formål, mellom anna kr 300.000,- til flyktningsarbeidet i venskapsbispedømet vårt i Ungarn.

I 2022 er det ikkje gjort investeringar. Møre bispedømeråd har ikkje eigardeler eller interesser i andre verksemdar. Rekneskapan for Møre bispedøme inngår i den samla rekneskapan for rettssubjektet Den norske kyrkja, og blir revidert av revisjonsfirma Ernst og Young AS.

Bispedømet har rutinar for melding av avvik og varsling av kritikkverdige tilhøve.
Molde, 1. Mars 2023

Ann-Kristin Sørvik
Bispedømerådsleiar

Bjørn Olaf Storhaug
Stiftsdirektør

Årsrekneskap

Budsjettgruppe 1 drift

Møre bispedømmeråd fekk i 2022 ei samla tildeling på kr 114 409 000 frå Kyrkjerådet. Driftstildelinga for 2022 var på kr 80 317 000. Det blei i tillegg budsjettert med å bruke kr 1 500 000 av tidlegare oppsparte midlar.

Møre bispedømmeråd nytta i 2022 kr 806 000 meir enn tildelinga til drift. Det var kr 694 000 mindre enn budsjettert.

	Regnskap	Budsjett	Avvik
	31.12.2022	31.12.2022	
Budsjettgruppe 1 - Driftsregnskapet			
Inntekter	-216	-	216
Tilskudd/varekjøp	550	30	-520
Lønnskostnader	71 178	72 811	1 633
Andre driftskostn	9 611	8 976	-635
Sum budsjettgruppe 1	81 123	81 817	694
Samlet tildeling budsjettgruppe 1		80 317	
Avvik budsjett mot tildeling, budsjettgruppe 1			-1 500
Avvik regnskap mot tildeling, budsjettgruppe 1			-806

Budsjettgruppe 2 tilskot

Møre bispedømme blei tildelt kr 34 092 000 i tilskot til trusopplæring, diakoni, undervisning, kyrkjemusikk og midlar frå Opplysningsvesenets fond.

Det blei utbetalt kr 20 961 000 i tilskot til trusopplæring i kyrkjelydane og kr 12 644 000 til diakonstillingar, kateketstillingar og tilskot til kyrkjemusikk.

I tillegg blei det utbetalt kr 502 000 i midlar frå Opplysningsvesenets fond.

	Regnskap	Budsjett	Avvik
	31.12.2022	31.12.2022	
Budsjettgruppe 2 og 3 - Tilskudd *			
Trosopplæring	20 961	20 961	-
Diakoni	6 315	6 400	85
Undervisning	5 989	6 064	75
Kirkemusikk	340	165	-175
Domkirke (Oslo og Nidaros)			-
Annet (inkl OVF)	502	502	-
Gruppe 3 (kun KR)			-
Sum budsjettgruppe 2 og 3	34 107	34 092	-15

Særskilt om OVF-tilskotet

Tilskotet frå OVF blei tildelt på bakgrunn av søknader. Tildelinga i 2022 var på kr 502 000.

Spesifikasjon av Ovf-midlene:	2022		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
OVF			
Administrasjon - 491			-
Diakoni - 492			-
Barn og unge - 493	75		-75
Gudstjenesteliv - 494	20		-20
Kirkemusikk og kultur -495	262		-262
Samisk kirkeliv -496			-
Andre fellestiltak (inkl SMM) - 497	145		-145
Internasjonale og økumeniske organisasjoner -498			-
		502	502
Ovf total (for rapportering til Ovf)	502	502	-